

MASTEROPPGÅVE

«*Det berre vart slik, ...»*

-Ein studie om korleis avgjerslene kring organiseringsmodell for innføringstilbod i særskild norsk i grunnskulen blir fatta.

«It was just the way it happened, ...»

- A study on how the decisions concerning the organizational model for the introductory course in Norwegian for students with a minority language background in elementary and secondary school.

Monica Maurset Vabø Reigstad

Masterstudium i organisasjon og leiing, helse- og velferdsleiing og utdanningsleiing.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap. Institutt for samfunnsvitskap

14. juni 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er bruk i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Føreord

Innføringstilbodet for minoritetsspråklege grunnskuleelevar har dei siste åra vore under konstant utvikling. Organiseringa for dette tilbodet er både ulikt kommunane seg imellom, men og innad i den særskilde kommune. Tittelen er med utgangspunkt i opplevinga til ein av respondentane: «*me fekk problemet i fanget..eller utfordringa i fanget..før nokon hadde rukke å tenkt på ein einaste modell ..som du kunne velje mellom...Det berre vart slik*» (Respondent 4.)

Oppgåva er den avsluttande delen av *Masterstudiet organisasjon og leding* ved Høgskulen på Vestlandet. Bakgrunnen for tema var at eg sjølv fekk oppdraget med å iverksette eit innføringstilbod på dåverande arbeidsstad i 2014. I denne etableringa kom det tydeleg fram at det er stor variasjon i tilbodet og organiseringa i nabo-kommunane. Møtet med representantar for skuleigar og skuleleiarar har vore ei positiv oppleveling. Tusen takk for at de stilte opp til intervju, og var villig til å dela dykkar erkjenningar.

Det har samstundes vore utfordrande å ferdigstille masteroppgåva som eit deltidsstudium. I den samanhengen ynskjer eg særleg å takke Meland kommune v/ Rådmann Martin Kulild for å legge til rette for etterutdanning, samt dei tilsette ved Vestbygd skule som har vist stort tolmod, og støtte. Samarbeidet og oppmuntring frå medstudent Renate Macpherson har og vore avgjerande. Dersom du ikkje hadde vore der, ville eg ikkje komt i hamn.

Takk til min tolmodige familie, og særleg til Elise, som har vore ei stor støtte i arbeidet.

Eg ynskjer og å takke veiledauren min Kjersti Halvsorsen.

Leivestad, juni 2019. Monica Maurset Vabø Reigstad

Samandrag

Emnet for denne studien har sitt utspring frå endringa av Opplæringslova §2.8 i 2012. Denne lovendringa opna opp for at begynnaroplæringa i norsk for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn, kunne organiserast som intensive innføringstilbod. Loven opna opp for tre moglege organiseringsmodellar. Med bakgrunn i dette er problemstillinga for studien:

Korleis blir avgjerslene kring organiseringsmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen fatta?

Studien har ein kvalitativ tilnærming som er gjennomført med fem delvis strukturerte intervju.

Eit av hovudfunna i studien er at kommunane nyttar tidlegare erfaringar som grunnlag for val av organiseringsmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen. Ein anna hovudtendens er at respondentane opplever at det er ulike aktørar, på ulik tid, som har hatt påverknad på val av organiseringsmodell. Ein tredje hovudtendens er at tid har vore sentral for avgjersleprosessen hjå fleire av kommunane. Respondentane fortel om korte tidsfristar, og forhold utan for deira eigen kontroll. Ein fjerde tendens er at kontekstuelle forhold har hatt ei rolle for utforminga, og val av organiseringsmodell. Forhold som geografiske avstandar, fysiske strukturar, tal på elevar, og tilgang på kompetent undervisningspersonale, spelar inn på avgjersleprosessen og det endelege valet av organiseringsmodell i dei fem kommunane som deltok i studien. Avgjersleteori og teori om sti-avhengigheit blei nytta for å forklare funna.

Summary

The topic of this study originates from the change in Opplæringslova §2.8 in 2012. This change in legislation allowed Norwegian schools the ability to organize beginner education in Norwegian for students with a minority language background as an intensive introduction course. The new legislation allows three different organizational models. With this as a backdrop, the thesis of this study is:

How are the decisions concerning the organizational model for the introductory course in Norwegian in elementary and secondary schools made?

The study has a qualitative approach, and is carried out with five partly structured interviews.

One of the main tendencies in the study, is that the municipalities utilize pre-existing experiences as a foundation, when selecting the organizational model for the introductory course in Norwegian for students with a minority language background in primary and secondary schooling. Another tendency is that the respondents find that there are different participants, at different times, that has had an impact on the choice of the organizational model. A third trend is that time has been crucial in the decision process for several of the municipalities. The respondents speak about short deadlines, and conditions that they cannot control. A fourth tendency is that contextual conditions has affected the design, and decision concerning the organizational model. Conditions such as geographical distances, physical structures, the number of students, and access to competent teaching staff, has a say in the decision processes, and the final choice of the organizational model in the five municipalities that participated in the study.

Decision theory, and the theory on path dependence was utilized to explain the findings.

Innhold:

1. Innleiding	s.9
1.1 Introduksjon til tema.....	s.10
1.2 Problemstilling	s.11
1.3 Avgrensing og formål.....	s.12
1.4 Omgrepsavklaring	s.13
1.5 Oppbygging av studien.....	s.14
2. Kunnskapsstatus	s.17
2.1 Oppsummering	s.20
3. Teori	s.21
3.1 Avgjersleteori og modellar	s.21
3.1.1 Analytiske avgjerslemodellar	s.22
3.1.2 Anarkiske avgjerslemodellar	s.25
3.1.2.1 Garbage can.....	s.25
3.2 «Sti-avhengigkeit» (Path dependence)	s.29
3.3 Oppsummering.....	s.31
4. Metode	s.33
4.1 Val av metode.....	s.33
4.1.1 Hermeneutikk og fenomenologi	s.34
4.2 Etiske vurderinger	s.34
4.3 Forskingsdesign.....	s.35
4.4 Framgangsmåte.....	s.36
4.4.1 Førebuing til intervju.....	s.36

4.4.2 Presentasjon av respondentane	s.36
4.4.3 Gjennomføring.....	s.39
4.4.4 Transkripsjon.....	s.40
4.4.5 Analyse	s.40
4.5 Reliabilitet og validitet	s.42
5. Presentasjon av funn	s.45
5.1 Følgjer av erfaring og kunnskap i organisasjonen.....	s.45
5.2 Ulike aktørar og kontekstuelle forhold.....	s.48
5.2.1 Ulike aktørar og deira rolle.....	s.48
5.2.1.1.Politisk påverknad.	s.48
5.2.1.2 Kommuneadministrasjonen sin påverknad.....	s.51
5.2.1.3.Eigen påverknad.	s.52
5.2.1.4 Ulike nivå på kunnskap i utdanningspersonalet.....	s.53
5.2.2 Kontekstuelle forhold.	s.54
5.2.2.1.Følgjer av tilgang på relevant undervisningskompetanse.....	s.55
5.2.2.2.Geografiske forhold.	s.55
5.3 Oppsummering av funn i studien.....	s.57
6. Drøfting	s.59
6.1 Kva tyding har erfaring og tidlegare kunnskap for val av organiseringsmodell?.....	s.59
6.1.1 Tre – stadium modellen for sti – avhengighet	s.61
6.1.2 Del oppsummering.	s.62
6.2 Kva aktørar og kontekstuelle forhold har hatt ei rolle i avgjersleprosessen?	s.63
6.2.1 «Begrensa» rasjonelle aktørar.....	s.64
6.2.2 Garbage – can, aktørar og kontekstuelle forhold.....	s.66
6.2.3 Del oppsummering.	s.73

7. Oppsummering og forslag til vidare forsking.....	s.75
7.1 Oppsummering	s.75
7.2 Forslag til vidare forsking	s.76
Litteratur liste.....	s.79
Tabell og figur liste.....	s.83
Vedlegg	

Tabellar

Tabell 1: Oppsummering 'Garbage can' - modellen	s. 28
Tabell 2: Oversyn – samanheng mellom respondent, kommune og organiseringsmodell	s. 37
Tabell 3: Oversyn på respondentane si rolle i organisasjonane og faglege bakgrunn	s. 37
Tabell 4: Oversyn- tal på innbyggjarar, areal og tal på grunnskular	s. 39
Tabell 5: Følgjer av erfaring og kunnskap i organisasjonen	s. 46
Tabell 6: Tydinga av politisk påverknad	s. 50
Tabell 7: Følgjer av geografiske forhold	s. 56

Figurar

Figur 1: « Innvandring og utvandring»	s. 10
Figur 2: Den rasjonelle idealmodell	s. 23
Figur 3: «Administrative man»	s. 24
Figur 4: «Garbage Can Decision Prosess»	s. 26
Figur 5: “The Three Stage Model of Path Dependence”	s. 30
Figur 6: Oppstart ståstad for sti-avhengighet.	s. 61

Vedlegg

Vedlegg I: Meldeskjema / Søknad til NSD

Vedlegg II: Kvittering NSD

Vedlegg III: Samtykke til deltagning i studien

Vedlegg IV: Informasjonsskriv

Vedlegg V: Intervjuguide

1. Innleiing

I denne studien har eg undersøkt korleis fem ulike kommunar har tatt avgjersla kring organiseringsmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen. I studien har eg lagt vekt på å finna ut kva aktørar som har vore involvert i avgjersleprosessen samt kva kontekstfaktorar som har hatt innverknad på prosessen. Eg har òg sett nærmare på om erfaringsgrunnlaget i den gjevne kommune (organisasjon) kan medføra ulike vegval for organiseringsmodell. (Sti – avhengigheit).

I 2011 kom Østberg utvalet ut med NOU 2011:14 «*Betre integrering – Mål, strategier, tiltak*» Rapporten var ei bestilling frå Barne-, likestillings-, - og inkluderingdepartementet i 2010. Utvalet fekk i oppdrag å sette lys på utfordringar og moglegheiter i eit fleirkulturelt Noreg. Med utgangspunkt i kartlegginga og føreliggande forsking, skulle utvalet komme med forslag til tiltak. Ei av anbefalingane utvalet kom med var som følger:

«Østbergutvalget anbefaler en innføringsordning for nyankomne elever med opplæring organisert i egne grupper, primært knyttet til nærskolen. Det legges til grunn at et slikt tilbod raskt skal gjøre eleven i stand til å følge ordinær undervisning og øke elevens mulighet til, og motivasjon for, å lære norsk. Flere høringsinstanser er enige i at det er behov for et overordnet tiltak som kan være med på å strukturere og systematisere arbeidet med nyankomne elever.» (NOU 2011:14, s. 185)


Som følgje av denne anbefalinga vart Opplæringslova §2.8 endra i 2012. Denne endringa medførte at det blei opna opp for at kommunar og fylkeskommunar kunne sette i verk eigne opplæringstilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar. Det er opp til den enkelte kommune å velje organiseringsmodell for innføringstilboden. Innføringstilboden gjev dei minoritetsspråklege elevane moglegheit til undervisning i særskild norsk. Særskild norsk er eit samleomgrep som tar for seg opplæring i norsk, tospråkleg fagopplæring og morsmål.

Funna i studien syner at organiseringa og opplæringstilboden som møter dei minoritetsspråklege elevane i grunnskulen er ulik. Det kjem òg fram at det er fleire aktørar som har hatt påverknadskraft og ulike forlaup i avgjersleprosessane fram mot gjeldande tilbod. Studien som er tufta på kvalitative forskingsintervju, gjev eit bilet av respondentane sine erfaringar og opplevingar av forlaupet fram mot val av organiseringsmodell.

1.1 Introduksjon til tema

Gjennom 1970 – talet etablerte Noreg seg som eit innvandringsland. I starten var det hovudsakeleg arbeidsinnvandring, som konsekvens av den industrielle utviklinga kring oljeutvinninga og omliggande industri i Noreg. Arbeidsinnvandringa resulterte igjen i at ein fekk påfølgjande familie – innvandring. Etter kvart blei Noreg mottaksland for asylsøkarar og flyktingar. På 2000 – talet endra ein reglane innan arbeidsmarknaden i EU/EØS, dette medførte ny arbeidsinnvandring, og familie – innvandring til landet.

Innvandring og utvandring



Kilde: Folkemengde og befolkningsendringer, Statistisk sentralbyrå

Figur 1, “Innvandring og utvandring”, 2019, av SSB.

Publikasjonen «Innvandrere i Norge 2017» (SSB, 2017) syner kva kategoriar av innvandrarar som kjem til Noreg. 13,8% av innbyggjarane i Noreg var per 2017 rekna som innvandrarar. 39% av desse kom til landet grunna familieinnvandring, 32% kom grunna arbeid, 5% var her for å ta utdanning og 23% som kom til Noreg på grunn av at dei har flykta frå sitt eige land. Per 1. januar 2019 er 17,7% av Norges befolkning rekna som innvandrarar. Talet inkluderer norskfødde med innvandrarforeldre. (SSB, 2019).

I stortingsmelding 6 (2012-2013) – «*En helhetlig integringspolitikk*» blir det understreka at det er viktig å nytte mangfaldet som innvandrarane har med seg inn i det norske samfunnet. Målet er at «Alle skal ha muligheter til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv. og at alle skal kunne benytte sine ressurser» (Meld.St.6 2012 – 2013:1).

Dette var ei av årsakene til at Opplæringslov §2.8 ledd 5 blei endra i 2012. Endringa opna opp for moglegheita til å nytte ulike organiseringssmodellar. I opplæringslova §2-8 ledd 5 står det følgjande kring organiseringssmodellar: «..Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven...» (Oppl §2,8, 2012).

På hausten i 2015 var omgrepet «flyktningkrise» hyppig i bruk i både det internasjonale og norske mediebiletet. Den store flyktningstraum prega heile det norske samfunnet. Kommunar som før hadde liten erfaring med oppfølging og integrering av flyktningar, blei mottakskommunar (Sæter, 2015). Dette medførte ein trong for kompetanseheving hjå mottakskommunane innanfor temaet. Det kan tyde på at dei individuelle forholda i dei ulike kommunane ført til eit svært variert opplæringstilbod for minoritetsspråklege elevar. Dette gjeld både i innhald og organisering (Hilt, 2018).

Studien ser på grunngjevingane for val organiseringssmodell. I studien har eg hatt intervju med fem ulike respondentar som representerer fem ulike kommunar.

1.2 Problemstilling

Det norske samfunnet har gjennom Kunnskapsdepartementet og Opplæringslova skapt eit utdanningssystem som inneheld både rettigheiter og plikter. I «lov om grunnskolen og den videregåande opplæring (opplæringslova) og formålsparagrafen §1-1 står rammene for opplæringsoppdraget. Dette lovverket er likt for alle kommunar i heile Noreg. Gjennom studien kjem det likevel fram at tilboda har store variasjonar både i innhald og organisering.

§2-8 (Oppll, 2012) «Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar» gjer klare føringar for kva dei ulike organiseringsmogelegitane som er alternativ. Hovudfunna i studien, som blir presentert i kapittel fem, syner at kommunane har valt ulike organiseringssmodellar. Det kjem og tydeleg fram at dei fem ulike kommunane oppgjev ulike årsaker for vala som er tatt.

Problemstillinga tar for seg prosessen som ligg før det endelige valet av organiseringssmodell. Studien har ikkje som mål å samanlikna dei ulike organiseringssmodellane opp mot kvarandre.

Problemstillinga er som følgjer:

Korleis blir avgjerslene kring organiseringssmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen fatta?

Ut frå denne problemstillinga, har eg formulert følgjande forskingssprøsmål:

- Kva tyding har erfaring og tidlegare kunnskap for val av organiseringssmodell for særskilt norskundervisning i grunnskulen?
- Kva aktørar og kontekstuelle forhold har hatt ei rolle i avgjersleprosessen?

1.3 Avgrensing og formål

I «*Kasusundersøkelse - innføringstilbud for minoritetsspråklige elever*» (Holden H. & Gram, I, 2016) kjem det fram at mange kommunar i Noreg har hatt eit innføringstilbod til elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn i grunnskulen. Organiseringa har somme stadar vore grundig planlagt, og eit resultat av mange vurderingar. Andre stadar ber organiseringa preg av eit meir tilfeldig forlaup.

Min studie har som mål å undersøke kva avgjerslegrunnlag fem ulike kommunar hadde når dei tok valet for organiseringssmodell. Respondentane representerer ikkje ei yrkes gruppe, men fleire, da det i ulike kommunar er stor skilnad i kven som har oppdraget med å skape eit innføringstilbod.

Studien er avgrensa til å kartlegge respondentane sine erfaringar av vegen fram mot det ferdigstillte innføringstilboden, ikkje å samanlikna organiseringssmodellar. Studien fokuserer på innføringstilboden i grunnskulen, ikkje innføringstilboda for vidaregåande skule og vaksenopplæringa.

1.4 Omgrepssavklaring

I denne delen vil eg avklara innhaldet i omgrep som er relevant for studien, og med det problemstillinga. Forklaringane er henta frå utdanningsdirektoratet sine heimesider.

Særskild norsk:

Grunnopplæring i norsk, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Dette er eit tilbod til elevar med framandspråkleg bakgrunn som treng styrking av opplæring i norsk. Styrkinga kan gjevast gjennom grunnleggande norskundervisning, undervisning i eleven sitt morsmål for å stetta opp om norskinnlæringa og/eller med støtte av tospråkleg fagopplæring, der ein kombinerer morsmål med norsk for å auka læringsprogresjonen.

(Utdanningsdirektoratet, 2016)

Innføringstilbod:

Omgrepet innføringstilbod omhandlar det oppdraget kommunar har i følgje Opplæringslova §2.8, der dei skal gje alle grunnskuleelevar med anna morsmål enn norsk og samisk eit tilbod om norskopplæring til dei har nådd tilstrekkeleg nivå. § 2.8 (Oppll) gjev kommunane moglegheit til å organisera opplæringstilboden i særskilt norsk i grunnskulen i eigne grupper, klassar eller skular. (Utdanningsdirektoratet, 2016)

Organiseringsmodell:

Utrykket organiseringsmodell handlar i denne studien om den måten kommunane vel å setje saman systemet og rammene kring innføringstilboden for opplæringa etter §2.8 (Oppll) (særskild norsk).

Minoritetsspråklege elevar:

Elevane som mellom anna mottar opplæring etter Opplæringslova §2.8, «Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar». Dette er born og ungdom som har eit anna morsmål enn norsk og samisk. Elevane er som oftast fleirspråklege. Omgrepet er sentralt

i studien, då dette er elevgruppa som mottar undervisning i innføringstilbod.
(Utdanningsdirektoratet, 2015)

Aktør:

Omgrepet kjem frå latin og tyder «handlande person». Ein aktør kan vera ei gruppe, ein enkelt person eller ein annan organisasjon som har ei aktiv rolle innan eit avgrensa område (Persvold, 2019).

1.5 Oppbygging av studien

I det første kapittelet i denne studien, gjev eg ei skildring av målet og problemstillinga for oppgåva. Vidare blir det gitt eit oversyn og ei avklaring kring omgrep som er sentrale i oppgåva. I den avsluttande delen av kapitelet blir det gitt ei kort forklaring på oppbygginga av studien.

Kapittel 2 omhandlar kunnskapsstatus innanfor området i dag. Dette er mellom anna materiale henta frå ulike forskingsarbeid, og statlege rapportar som tar for seg opplæringstilboden minoritetsspråklege elevar skal få i Noreg. Dette omhandlar blant anna NOU 2012:1 «*Til barnas beste*», og Rambøll rapporten «*Kartlegging av innføringstilbud til elever som kommer til Norge i ungdomsskolealder og som har få års skolegang før ankomst*» (Rambøll, 2013).

I det tredje kapittelet blir teori som er relevant for studien presentert. Dette er mellom anna avgjersleteoriar og sti avhengigheits -modellen som dannar grunnlaget for erkjennin, og som hjelpt meg å granska problemstillinga mi frå ulike sider og forklarar funn i empirien.

Metodekapittelet, kapittel 4, tar for seg val av design og metode nytta for å sette lys på problemstillinga mi. Ein har øgauge på validitet og reliabilitet i studiet, dette for å sikra at studiet skal vera transparent.

Kapittel 5 syner funn som blei gjort i intervjuet. Desse funna blir drøfta opp mot teori i påfølgjande kapitel 6. (Drøftings kapittelet).

Som avslutning gjev eg ei kort oppsummering og forslag til vidare forsking i kapittel 7.¹

¹ Kapittel 1-4 i oppgava inneheldt direkte utdrag og omarbeida tekst ifrå mine tidlegare eksamensoppgåver; henholdsvis ME6-500, Forskningsstrategiar og metode, haust 2017, ORG 502, Styring, omstilling og leiing, vår 2018.

2. Kunnskapsstatus

Dei siste ti åra har det vore gjennomført fleire forskingsprosjekt, og blitt produsert ei mengde rapportar kring emnet om særskild norsk for minoritetsspråklege. Regjeringa, (ved Kunnskapsdepartementet, og (NAFO), Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring), har i desse åra hatt eit særleg fokus på auke av kvalitet, organisering med tanke på integrering, og fullføring av grunnskulen. I tillegg har det vore eit fokus på livsmeistring og medborgarskap.

Utredninga NOU 2011:14 danna grunnlaget for endringa av opplæringslova §2.8 i 2012, då særleg i forhold til moglegheit til å nytta ulike organisering modellar. I opplæringslova §2-8 ledd 5 står det følgjande kring organiseringsmodellar:

«..Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven...» (Oppl, 2012, §2-8 ledd 5).

I 2012 gav Utdanningsdirektoratet Rambøll Management Consulting i oppdrag å gjennomføra ei kartlegging av innføringstilboda som minoritetsspråklege elevar fekk i grunnskulen, då særleg med fokus på elevar som kom til Noreg i ungdomsskulealder og hadde liten eller ingen skulebakgrunn. Dette er elevar som er under Opplæringsloven §2 – 8.

Rapporten (Rambøll, 2013) syner i hovudsak til tre ulike organiseringsmodellar som blir nytta til særskild norskundervisning:

1. **Delvis integrering:** Eleven får opplæringa i ordinær klasse, men får samstundes delar av undervisninga si ei skjerma gruppe.
2. **Innføringsklasse:** Dette er ei eigen gruppe / klasse som er lokalisert på den ordinære heimskulen. All undervisninga skjer i denne gruppa/ klassen. Elevane er segregert frå ordinær klasse.
3. **Innföringsskule:** Dette er ein eigen skule med eigne klassar. Skulen er som regel ikkje lokalisert i nærleiken av andre skular.

Alle modellane har som mål å vere overgangsmodellar som skal virke fram til eleven har oppnådd høg nok grad norsk kompetanse til å kunne følgje ordinær norsk opplæring.

Rapporten trekk fram at det kan sjå ut til at organiseringsmodellane har samanheng med talet på minoritetsspråklege elevar den enkelte kommune har.

«Funnene kan tyde på at kommunestørrelse, antall skoler og antall elever med særskilt vedtak om språkopplæring har betydning for valg av modell i kommunene» (Rambøll, 2013:1)

Kort summert omhandlar temaet i Rambøll (2013) sin rapport alternative organiseringsmodellar for særskild norsk opplæring, og konsekvensen desse har for resultata til dei minoritetsspråklege elevane. Dette er viktige tema, som mange kommunar og skular må ta stilling til i kvardagen sin. I min studie har eg hatt fokus på emnet som omhandlar alternative organiseringsmodellar for innføringstilbodet, og korleis kommunane har gjennomført avgjersleprosessane fram til valet av organiseringsmodell.

Artikkelen «*Helhetlig oppfølging. Nyankomne elever med lite skolebakgrunn fra opprinnelseslandet og deres opplæringssituasjon.*» (Kristin Thorhaug og Stine Svendsen, 2014), har, som tittelen syner, hovudfokus på minoritetsspråklege elevar med liten skulebakgrunn og deira opplæringstilbod. Forfattarane syner til at det eksisterer avgrensa forskingsmateriale om nyankomne minoritetsspråklege og deira særskilde behov. Artikkelen ser òg på fleire faktorar som kan påverke grunnlaget for at desse elevane skal lykkast, og klare å gjennomføra skuleloypa. Utvalet trekk fram at val av organiseringsmodell ofte blir tatt der ein sett omsynet til inkludering og fellesskuleprinsippet høgare enn omsynet til kår for læring.

I Rambøll rapporten «*Evaluering av særskilt språkopplæring og innføringstilbud*». (Rambøll, 2016) er målet å danne eit betre kunnskapsgrunnlag om i korleis, og eventuelt i kva grad, innføringstilbod for minoritet språklege elevar i grunn – og vidaregåande skule lykkast. Altså om innføringstilboden er med å stetta målet om å gje elevane nok språkleg dugleik til å ta til med ordinær undervisning. Oppsummeringa i rapporten kjem det fram at innføringstilboda blir rekna som positive ordningar, men at lovendringa i 2012 har hatt lita tyding for tilboda.

«Det store flertallet av skoleeierne som har innføringstilbud i dag, hadde dette også før lovendringen i 2012.» (Rambøll 2016:91)

I rapporten kjem det fram fleire utfordringar som ein meiner bør betrast for å få betre kvalitet på innføringstilboda. Hovudpunkta er at ein må auke kompetansen hjå undervisningspersonale og at skuleeigar må involvera seg meir i særskilt språkopplæring og innføringstilbod.

«En konsekvens av at skoleeierne utviser ulikt engasjement og ansvar på feltet er at elever med vedtak om særskilt språkopplæring får ulike tilbud og ikke nødvendigvis et likeverdig tilbud. Evalueringen viser at innholdet i særskilt språkopplæring i mange tilfeller styres av ressurser og kompetanse ved den enkelte skole fremfor den enkelte elevs behov slik det identifiseres gjennom kartlegging. Dette er bekymringsverdig, siden skolene har svært ulike forutsetninger for å gi elevene et godt tilbud.» (Rambøll 2016:92).

Tilrådingane frå forfattarane av rapporten er sentrale for å gje eit meir uniformt tilbod til denne elevgruppa. «*Nyankomne barn og unge i den norske utdanningskonteksten*» (Dewilde & Kulbranstad, 2016). Denne artikkelen gjev eit godt historisk oversiktsbilete på opplæringstilboden for minoritetsspråklege elevar i Noreg. I tillegg skriv forfattarane Dewilde og Kulbrandstad om opplæringstilboden som no blir gitt til nykomne innvandrarar.

Den historiske utviklinga blir av Dewilde og Kulbranstad (2016) skildra. Ein hadde ein «oppstart» av innvandring på 1960 – talet, som følgje av at Noreg hadde trong for arbeidskraft. Arbeidsinnvandringa hald fram gjennom 70-, og 80 – talet. På 90 – talet inngjekk Noreg i EØS – avtalen (Europeiske økonomiske samarbeidsområdet), dette medførte eit nytt segment med innvandrarar. Så langt i den historiske skildringa hadde borna som kom til Noreg i hovudsak skulebakgrunn. Dette endra seg frå ca. 1990 – og framover. Noreg fekk no flyktningar, som kom frå krigsherja områder der borna hadde liten eller ingen skulebakgrunn. Dei var ofte analfabetar og traumatiserte. Opplæringsorganisasjonane fekk med andre ord nye utfordringar. Dewilde og Kulbranstad (2016) problematiserer og at born som er asylsøkarar har andre rettigheter til opplæring enn born som har fått opphaldstillating og er busatt i Noreg.

Artikkelen til Dewilde og Kulbranstad (2016) kan vera med på å skapa erkjenning i forhold til utviklinga som har skjedd i det norske opplæringstilboden for elevar med innvandrar bakgrunn. I tillegg kan funna i artikkelen vera med på å danna grunnlag for vidareutvikling av innføringstilboda.

«*Prosjektrapport Opplæring for nyankomne elever i ungdomsskule*». (Statped: Espen Egeberg og Helene Fulland, 2017). Prosjektet som vart gjennomført i Fredrikstad kommune i samarbeid med Statped hadde som mål å prøve ut metodikk og ulike organiseringsmodellar, samt å utvikla erkjenning om undervisning for nyankomne minoritetsspråklege elevar i ungdomsskulen. Ein av faktorane som i følgje rapporten var avgjerande for gode resultat frå innføringstilboda, var at leiinga på skulen satt av ressursar, og tilrettela for samarbeid mellom lærarane.

2.1 Oppsummering

Med utgangspunkt i materialet presentert i kunnskapsstatus kapittelet veit ein kva organiseringsmodellar som eksisterer for innføringstilbod. Det eksisterer fleire ulike tankar og idear om kva faktorar som har innverknad for om tiltaket blir vellukka – men me veit lite om avgjersleprosessane som leiar fram til val av ein særskild organiseringsmodell.

Eg har tatt valet om å bruke avgjersleteoriar for å finna ut kva prosessar kommunane har vore gjennom fram til valet av organiseringsmodell for innføringstilbod i særskild norsk i grunnskulen. Fokuset er på prosessen fram til avgjerslene, altså ikkje utfallet/ resultatet av prosessane.

Denne studien ser på korleis fem ulike kommunar har tatt val i forhold til innføringstilbodet for særskild norsk i grunnskulen i eigen kommune. Studien ser òg på kva aktørar og forhold som spelar inn på valet.²

² Kapittel 1-4 i oppgava inneholdt direkte utdrag og omarbeida tekst ifrå mine tidlegare eksamensoppgåver; henholdsvis ME6-500, Forskningsstrategiar og metode, haust 2017, ORG 502, Styring, omstilling og leding, vår 2018.

3. Teori

I dette kapittelet blir studien sitt teoretiske rammeverk presentert.³ Ramma som blir nytta omhandlar avgjersleteoriar og teori om «sti-avhengigkeit» (eng. Path dependence) (Martin & Sunley, 2006).

Teoriane som er tatt med i kapittelet er sentrale for analysearbeidet av innsamla materiale. I kapittelet som inneheld drøftinga vil ein å sjå nærmare på kva avgjersleprosessar som har vore i drift, kva forhold som har spela inn på valet av organiseringsmodell, og vurdera om tidlegare erfaringar/avgjersler i organisasjonane har hatt konsekvensar for valet av organiseringsmodellar i noverande tid.

3.1 Avgjersleteori og modellar

Ei avgjersle kan definerast som å ta eit val mellom fleire ulike alternativ. Avgjersla er eit resultat av ein prosess. Lengda og innhaldet av denne kan variera.

Enderud forklarar avgjersleteoriar, som teoriar som forskar på kva element som har verknad på prosessen som leier fram til ei avgjersle. Avgjersletaking er det resultatet av at eit alternativ blir valt framfor eit, eller fleire andre, uansett årsak og grunning.

Avgjersleprosessen kan sjåast på som ein sekvens av aktivitetar, og hendingar som leier fram til ei avgjersle. Sjølve avgjersla er utfallet eller resultatet av ein avgjersleprosess. Desse teoriane kan nyttast til å skildra prosessen avgjersletakar går gjennom fram til og når ei avgjersle blir fatta. Denne type teoriar høver til å gje svar på problemstillinga som oppgåva her er tufta på. (Enderud, 2003:10).

Flaa (1995) har i si bok «Innføring i organisasjonsteori» tre hovudkategoriar av avgjerslemodellar. Den rasjonelle, politiske og anarkiske. Dei rasjonelle avgjerslemodellane er prega av at dei er har målfokus. Mål og middel heng saman og har ein «logisk» samanheng. Dei politiske modellane har i følgje Flaa (1995) ofte konsentrasjonen retta mot avgjersleprosessen. Desse modellane har fellestrek med det politiske livet, der kompromiss

³ Kapittel 1-4 i oppgava inneheldt direkte utdrag og omarbeida tekst ifrå mine tidlegare eksamsoppgåver; henholdsvis ME6-500, Forskinsstrategiar og metode, haust 2017, ORG 502, Styring, omstilling og leiing, vår 2018.

og forhandlingar skjer. Dei anarkiske modellane vektlegg at avgjersle ofte er eit resultat av tilfeldige hendingar og tilfeldige deltagarar i avgjersleprosessen.

Enderud (2003) skil mellom fire hovudkategoriar av avgjersle modellar. Han, som Flaa, nemnar dei analytiske modellane, dei politiske modellane og dei anarkiske modellane. I tillegg nemnar han ein fjerde kategori, dei «øvrige» som er ei form for oppsamlings kategori.


Flaa (1995) understrekar at avgjerslemodellane kan utfylle kvarandre, og m.a.o ikkje ekskludera kvarandre. Ein avgjersleprosess kan omhandla alle dei tre avgjersle kategoriene. Fivesdal, m.fl. (2004) hevdar i bokar «Organisasjon og ledelse» at når ein skal analysera avgjersleprosessar kan det vera hensiktsmessig å nytta fleire modellar samstundes, for å oppnå eit tydlegare bilet av prosessane. Dette er også framheva hjå Enderud (2003) i boka «Beslutninger, organisationer – i adfærdsteoretisk perspektiv». Det at ein ved å nytta ulike modellar for å analysera avgjersleprosessar, vil ein få eit breiare grunnlag for å sjå kva element som har vore delar av prosessen. Han framhevar òg at det oftast er ei viss «overlappingar» mellom dei ulike modellane, samt at det er vanskeleg å gjennomföra reindyrka utgåver av modellane.

3.1.1 Analytiske avgjerslemodellar

Analytiske avgjerslemodellar baserer seg på at aktören i ein avgjersleprosess nytta sitt intellekt til å analysera situasjonen, gjennomföra rasjonelle vurderingar og fullbyrda ei avgjersle. I Store norske leksikon definerer ein den rasjonelle aktør som; «*individ som velger de mest effektive midlene for å nå sine mål.*» (Sagdahl, M., 2018). Det er eit viktig aspekt at aktørane gjennomfører avgjerslene med ulik kunnskapsbakgrunn og i ulike kontekstar. I dette kapittelet blir to typar analytiske avgjerslemodellar gjort rede for: Den rasjonelle idealmodellen («Economic man»), samt «begrensa» rasjonalitet modell («Administrativ Man»).

Den rasjonelle idealmodell har sitt utspring frå ein normativ teori henta frå økonomisk teori. Forutsetninga for denne modellen er at avgjersletakaren handlar målretta eller rasjonelt. Det inneber at ein har ein forventning om at avgjersletakaren veit kva han vil, og at han tar vala som er den «rimeligaste» løysinga for organisasjonen. I tillegg ligg tanken til grunn for at avgjersletakaren har full oversikt og informasjon om alle dei ulike komponentane.

Avgjersletakaren skal alltid ta dei vala som gjev høgast måloppnåing innan for lågast mogleg økonomiske rammer. Denne modellen går òg under namnet «Economic man».



Figur 2 Den rasjonelle idealmodell (Enderud, 2003:33)

Denne modellen blir i organisasjonsteoretisk litteratur nytta som idealmodell og som eit referansepunkt for andre avgjerslemodellar (Enderud, 2003).


Ut i frå denne modellen kan ein ha forventingar om å komme fram til funn, som til dømes syner at val av organiseringsmodell for særskilt norskundervisning for minoritetsspråklege elevar blir gjennomført ved at avgjersletakarane skaffar seg full oversikt over kva modellar som eksisterer, og kva konsekvensar desse modellane har for læringsutbyttet for elevane og kommunen sin økonomi.

«Administrative Man» - begrensa rasjonalitet, tar utgangspunkt i at avgjersletakaren er avgrensa rasjonell. Kaufmann og Kaufmann (2003) forklarar dette omgrepet med at avgjersletakaren ikkje kan gjennomføra ei fullendt rasjonell avgjersle. Dette med bakgrunn i

at det er umogleg å inneha fullstendig informasjon og om alle konsekvensar som kan oppstre. Det er også moglegheit for at avgjersletakaren ikkje har tilgang på presise og komplette mål.

Herbert A. Simon kom igjennom sitt arbeid med avgjersleprosessar i økonomiske organisasjonar fram til eit skile mellom normative og empiriske modellar – skilet er mellom noko som bør være og noko som er. «Administrativ man» – modellen blir då nytta som eit verktøy for å undersøka korleis organisasjonar og avgjersletakar tenkjer og handlar i avgjerslesituasjonen (Enderud, 2003)

Enderud (2003) syner til at denne modellen har forenkla prosessar i kvart steg. Modellen har færre «input – data» for den som skal ta avgjersla. Den legg ikkje opp til at avgjersletakaren har «full innsikt».



Figur 3 «Administrative man» (Enderud, 2003 s.53)

Eit anna punkt som Enderud (2003:45) trekkjer fram er: «*det administrative menneske maksimerer(optimerer) ikke i sit valg af løsning, men satisfierer*». Avgjersletakaren i denne modellen søker altså ikkje naudsyntvis etter den beste løysinga, men etter den mest tilfredsstilande løysinga. Denne avgjersleprosessen er òg avhengig av kva preferansar, og evne til tolking, avgjersletakaren har. Modellen legg opp til at avgjersletakaren og aktørane i

prosessen er nøgd med avgrensa erkjenning, og innsikt i situasjonen ein er satt til å ta stilling til. Dette kan mellom anna føra til at saker som kan samanliknast, vil få ei handsaming som er tufta på tidlegare erfaringar og avgjersle (Fivesdal mfl, 2004).

Med utgangspunkt i «the Administrative man» - modellen kan ein i analysearbeidet av funna komme fram til at valet av organiseringsmodell for innføringstilbodet blir gjennomført på tross av at avgjersletakarane har avgrensa oversyn på kva modellar som eksisterer. Dei manglar og fullendt kunnskap om kva konsekvensar aktuelle organiseringsmodellar har for elevane sitt læringsutbytte og kommunen sin økonomi. Modellen legg også opp til at avgjersletakarane nyttar avgrensa med tid og krefter på å søke informasjon før valet blir tatt.

3.1.2 Anarkiske avgjerslemodellar

Dei anarkiske avgjerslemodellane er deskriptive, og avgjersla vurderast ikkje normativt som eit tilskita og ønska resultat. Flaa m.fl (1995) poengterer at avgjersle ofte er eit resultat av vilkårlege hendingar, som ikkje naudsyntvis heng saman. Avgjerslene er eit resultat av aktørane og avgjersletakaren sin reaksjon i samspelet mellom desse hendingane. Prosessen er ikkje iverksett for å oppnå eit mål.

Modellen tar for seg avgjerslesituasjonar som er vanskeleg å få oversikt i og som oftast ikkje har ein klar gang. Samanhengen mellom midlar og mål er oftast tvitydige, grunna svak kunnskap om samanhengen mellom årsak og verknad. Dette gjer og at det er vanskeleg for aktørane å vurdera konsekvensar for ulike alternativ og handlingar. Aktøren tenkjer ein i mindre grad å ha strategisk moglegheit til å påverka utfallet i prosessen, enn ein gjer i andre avgjerslemodellar. Ein av dei mest kjende anarkistiske avgjersle modellane er Garbage can modellen (Cohen, March and Olsen, 1972)

3.1.2.1 Garbage can

På byrjinga av 1970-talet gav Olsen, March og Coen ut ein artikkel ilag. Denne syntetiserte fram ein ny modell innanfor avgjersleprosessar i organisasjonar, og fekk namnet «Garbage can» - modellen. Bakgrunnen for modellen hang saman med ein trong for eit analysesystem for dei situasjonane som der klassiske avgjerslemodellar ikkje gav eit godt nok bilet av situasjonen, der det uforutsigbare er ein sentral del av avgjersleprosessen. Forfattarane av artikkelen

hadde som mål å gjennom modellen kunne gje ei skildring av det «vilkårlege» i avgjersleprosessane. Dette gjorde dei ved å dele prosessane opp i fire ulike straumar:

1. Straum av problem.
2. Straum av løysingar.
3. Straum av deltakarar.
4. Straum av moglegheiter for avgjersler

(Cohen, March and Olsen, 1972:3)

Artikkelforfattarane hadde som hovudtanke at dersom ein har utydelege mål (oppgåver), så er det store moglegheiter for at avgjersleprosessar kan bli tilfeldige.

Figur 4, og namnet på modellen basarar seg på biletet om at dei ulike straumane blir kasta inn i eit metaforisk «bossbøtte», som skal vera eit bilete på avgjerslesituasjonen.




Fig. 4 The Garbage Can Decision Prosess Peter Lloyd-Thomas 2013

I artikkelen til Cohen, March og Olsen (1972:16) trekk forfattarane fram at dei fire ulike straumane heng saman på ein komplisert måte. Problemløysing vert ei blanding av “problem”/ oppgåver som organisasjonen har, tilgjengelege valmoglegheiter, tilgjengelege deltakarar og

til slutt avgjerslekontekst. Alle fire straumane blir i modellen sett på som ein funksjon av tid (Cohen, March og Olsen, 1972:3)

Straum av problem:

Problema er utfordringar og uro som personar i høyrande og utanforståande meiner organisasjonen har. Det kan vera enkeltindivid eller grupper som innehar frustrasjonar og konfliktar. Alle desse forholda krev merksemd (Cohen, March og Olsen, 1972:3)

Straum av løysingar:

«A solution is somebody's product» (Cohen, March og Olsen, 1972:3) Ei løysing er eit produkt som kjem som følgje av at einkvan tar eit val for å løysa problemet. Cohen, March og Olsen understrekar at det kan vera vanskeleg å finna fram til ei god løysing, om ikkje spørsmålet er godt nok utforma. Trongen for noko er både eit resultat av marknaden og tilgjengelege valmoglegheiter. Til tider veit ein ikkje kva spørsmålet innan organisatoriske problemstillinger er, før ein har landa svaret.

Straum av deltagarar:

Garbage can modellen (Cohen, March og Olsen, 1972:3) byggjer på at deltagarar i avgjersleprosessar i ein organisasjon, vil variera. – Dei vil komme og gå. Forfattarane av artikkelen understrekar at kvar gong nokon kjem «inn» så er det ein «utgang» ein annan stad. Mengd av «inngangar» er samanhengande med val-moglegheitene. Dette får konsekvensar for kva avgjersler som blir tatt i ein organisasjon. Ulike deltagarar vil ta med seg ulike problem og løysingar og med det bidra med sitt mangfold til avgjersleprosessen.

Straum av moglegheiter for avgjersler:

I følge Cohen, March og Olsen er straumen av avgjerslemoglegheit ein situasjon der den gjeldande organisasjon blir møtt med ei forventning om å ha ei åferds som kan kallast ei avgjersle. Val-moglegheitene kjem jamt, regelmessig og er ulik i ein kvar organisasjon. Desse

situasjonane omhandlar t.d. tilsetjingar, kontraktar, distribuering av oppgåver, bruk av pengar m.m. (Cohen, March og Olsen, 1972:3)

Det er ulike komponentar i organisasjonsstrukturen som i følgje Cohen, March og Olsen (1972) vil ha påverknad for resultatet av avgjersleprosessar i garbage can modellen er etablering av band mellom straumane og tidsmønsteret; korleis tilgang på tid påverkar tilgang på problem, løysingar eller deltakarane som kjem til.

Garbage – can modellen kan skildrast som to prosessar som avgjer fire straumar som har treffpunkt i ein avgjerslesituasjon.

Tabell 1: Oppsummering `Garbage can` - modellen (Cohen& et al., 1972) Bukve (2016)

To prosessar	avgjer	fire straumar	som har treffpunkt	i ein avgjerslesituasjon
Aktivering		Problem		Garbage - can
		Løysingar		
Definering		Deltakarar		
		Moglegheit for avgjersle		

Denne modellen syner to avgjerande prosessar i Garbage – Can modellen:

Aktiviseringsprosessen

Denne prosessen avgjer kven som blir aktivert når ei avgjersle skal bli iverksatt. Eit av dei avgjerande punkta for utfallet av avgjerslene er kva deltakarar som blir med og kven som vel å ikkje delta. (Olsen, 1978:85)

Defineringsprosessen

Denne prosessen omhandlar korleis ulike grupper/ individ oppfattar og erkjenner og tillegg meiningsinnhaldet i ei avgjersle. Prosessen avgjer på kva måte eit problem blir oppfatta og korleis ein definerer problemet. (Olsen, 1978:85)


Dersom ein tar utgangspunkt i «garbage – can» modellen (Cohen, March og Olsen, 1972), er det mogleg at ein i analysearbeidet i denne studien til dømes vil finna at valet av organiseringssmodell for innføringstilbodet vil skje ved ei tilfeldigheit. Mange ulike saker kjempar om merksemda til avgjersletakarane. Kva avgjersletakarar som deltar i prosessane vil variera over tid, og deltakarane (aktørane) i prosessen veit lite om kva modellar som finnes og det er tvitydig eller uklart kva konsekvensar desse organiseringssmodellane har for læringsutbyttet til elevane og kommunen sin økonomi. Det vert også her forventa at avgjersletakarane nytta avgrensa med tid og krefter på å søke informasjon før valet blir gjennomført.

3.2 «Sti-avhengigkeit» (Path dependence)

«...History matters. It matters not just because we can learn from the past, but because the present and the future are connected to the past by the continuity of a society's institutions. Today's and tomorrow's choices are shaped by the past. And the past can only be made intelligible as a story of institutional evolution." (North 1990:7).

Stiavhengighet som tanke har eksistert i lang tid, først på 1980 – talet vart det utarbeidd tydelege modellar. Sti-avhengigheits modellar tok utgangspunkt i økonomisk historie, og teknologi (Martin & Sunley, 2006). I byrjinga vart dette omgrepet altså nytta om økonomi og teknologi, men etter kvart blei det tatt i bruk innanfor fleire ulike fagområde som t.d. leding, historie, sosiologi m.m. Det som avgjer kva fagområde ein er i, er kva analyseining som er satt under lupa (Isaksen et al., 2008). Med omgrepet «sti-avhengigkeit» meiner ein at avgjersler som blir fatta i no tid, er tufta eller påverka av avgjersler som er fatta i fortid. Organisasjonar kan jf. Institusjonell kulturell teori utvikla seg etter prinsippet om «sti-avhengigkeit» (Christensen, Lægreid, Roness & Røvik 2004:56).

Sydow, Schreyögg og Koch skildrar i ein artikkelen «Organizational path dependence: Opening the black box» ein modell med tre nivå innanfor sti-avhengigheit.



Figur 5 “The Three Stage Model of Path Dependence” (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009)

Figur 5 syner dei tre fasane:

Fase 1 (Preformation): Dette er i utgangspunktet ein open situasjon, der det ikkje er nokon avgrensingar for val av «vegen vidare», men avgjerslene og vala er tufta på «historia» til organisasjonen og den eller dei som sit som avgjersletakarar. (Organisasjonen sin historiske arv)

Fase 2 (Formation): Kjenneteiknast av ein gradvis utforming av ein ny «veg» for organisasjonen. Drivkrefter forkastar alternativ og innskrenkar valmogleheitene.

Fase 3 (Lock – in): Denne fasen er karakterisert av at tal på val alternativ vert innsnevra, heilt til ein «låser» seg til ein veg. Bakgrunnen for val av sti kjem som ein konsekvens av konteksten vala er tatt i. Det konkluderande valet kan byggje på kognitive, normative og ressursbaserte forutsetningar (Sydow, Schreyögg, Koch, 2009)

Ved å nytta sti-avhengighetsmodellen til å analysera funna i studien kan ein komme fram til at val av organiseringsmodell for særskilt norskundervisning for minoritetsspråklege elever vil vera prega av val som har blitt tatt tidlegare. Dei fyrste avgjerslene pregar avgjersler og val som kjem etterpå. Ein har forventningar til at avgjersletakarane orientera seg ut frå vanar og eksisterande forhold. – Også i sti-avhengighetsmodellen får avgjersletakarane nytta avgrensa med tid og krefter på å søke informasjon før valet blir tatt, samt at rutinar og innarbeida handlingsmønster dominerer.

3.3. Oppsummering

Alle teoriane som er presentert i kapitelet har eit rasjonelt tilsnitt, der aktørane i organisasjonane på eit eller anna vis, er med på ta avgjersler gjennom rasjonell tenking. Dei som gjennomfører tenkinga og avgjerslene er ikkje alltid medviten kva rolle ein har i prosessen, og resultata kan til tider vera prega av tilfeldigheiter.

Garbage can modellen (Cohen, March og Olsen, 1972) syner mangfaldet som påverkar avgjerslesituasjonar. Den syner tilfeldigheiter, og korleis ”alt heng saman med alt”. Modellen er med på forklara kvifor løysingar på problem kan bli god, eller ikkje. Å sjå på organiseringa med denne modellen kan vise korleis tilfeldige hendingar kan ha innverknad på avgjerslene kring val av organiseringsmodell for den særskild norsk opplæringa.

Sti-avhengighetsmodellen kan vera med på å synleggjera om tidlegare avgjersler har hatt konsekvensar for valet av organisasjonsmodell for innføringstilboda i notid.

Teoriane er med på å å gje ulike tankar for korleis val av organiseringsmodell for særskilt norskundervisning for minoritetsspråklege elever vil gjennomførast i dei fem kommunane som er blir gjort til gjenstand for undersøking i denne studien.

4. Metode

4.1 Val av metode

Føremålet med denne studien har vore å sjå nærmere på respondentane sine oppleveling av avgjersleprosessane fram mot valet av organiseringsmodell for innføringstilbod for særskild norsk i grunnskulen. Siktemålet har også vore å få innsyn i om respondentane sitt att med røynda om at tidlegare erverva kunnskap i «eigen» organisasjon, har gitt grunnlag for val av organiseringsmodell. Utgangspunktet for den kvalitative tilnærminga er at det er gjennomført lite forsking på prosessane for val av organiseringsmodell for innføringstilbod.⁴

«Kvalitative metoder egner seg godt til studier av temaer som det er lite forskning på fra før, og hvor det derfor stilles særlig store krav til åpenhet og fleksibilitet» (Thaagaard 2013:12)

Det har vore sentralt å finna fram til ein metode som kan vera med på å sette eit tydeleg fokus på problemstillinga i studien. Det kvalitative forskingsintervjuet gav moglegheit for å gå i djupna for å finna svar, samt å sjå på funna i den konteksten prosessen om avgjersla om val av organiseringsmodell vart tatt i. – Med utgangspunkt i dette har eg tolka det materialet som har vore tilgjengeleg. Dette er nokre av dei sentrale kjenneteikna på kvalitativ forsking (Thaagard 2013:193)

Studien er eksploderande. Problemstillinga i masteroppgåva har vore tilpassa og omarbeidd etterkvart som om det har blitt tydeleg kva tilnærningsmåte og spørsmål som kan leie fram til sentrale og aktuell kunnskap.

«Metoden er godt egnet for forskning som vil sette nye spørsmål på dagsorden, eller problemstillinger der vi på forhånd ikke har noe oversikt over relevante svaralternativ» (Malterud, 2013:32)

I boka «*Forstå, forklare, forandre*» (Bukve, 2016) sett forfattaren sokelyset på eit sentralt spørsmål innan forsking: «... korleis vi skal etablere og prøve ut samsvaret mellom teoretiske idear og analyserammer på den eine side og observasjonar eller data på den andre» (Bukve 2016:61). I etterarbeidet med intervjua vil eg nytta teori til å tolke, og forstå, det som kjem fram der. Studien er med andre ord teoriorientert.

⁴ Kapittel 1-4 i oppgava inneholdt direkte utdrag og omarbeida tekst ifrå mine tidlegare eksamensoppgåver; henholdsvis ME6-500, Forskingsstrategiar og metode, haust 2017, ORG 502, Styring, omstilling og leding, vår 2018.

Masteroppgåva er ei samanliknande studie av fem kommunar. I studien vil det bli samanlikna fellestrekk og ulikskapar som kjem fram i intervjustituasjonen med respondentane. Dette vil eg belysa nærmare i kapittelet om forskingsdesign (kapittel 4.3).

4.1.1. Hermeneutikk og fenomenologi

Hermeneutikken handlar om å tolke og forstå. Ein søker etter ei djupare erkjenning av det fenomenet som blir satt fokus på. «En hermeneutisk tilnærming legger vekt på at det ikke finnes en egentlig sannhet, men at fenomener kan tolkes på flere nivåer» (Thaagard, 2013:41)

Fenomenologi har sin ståstad i den enkelte person sin subjektive oppleving. «Sentralt i fenomenologien er å forstå fenomener på grunnlag av perspektivene til de personer vi studerer, og beskrive omverdenen slik den erfares av dem.» (Thaagard, 2013:40)

Ettersom eg i denne studien ynskjer å få kunnskap om respondentane si oppleving av prosessane fram til val av organiséringsmodell, representerer det eit hermeneutisk og fenomenologisk perspektiv. Hermeneutikk er eit verktøy for å forstå meiningsa i det ein høyrer sjølv, mens det fenomenologiske aspektet har fokus på kva respondentane faktisk skildrar. I denne studien ynskjer eg å sjå nærmare på kva respondentane har opplevd og kven respondentane opplevde hadde ei rolle i avgjerslene kring organiséringsmodell for særskild norsk innföringstilbod i grunnskulen. I tillegg vil eg få fram kva som skjedde, og kva som påverka avgjersla. m.m. Respondentane sine tilbakemeldingar vil ha innverknad på mi erkjenning, som igjen er prega av min bakgrunn. Denne kontinuerlege utviklinga, der ein gjennom tolkingsprosessar oppnår ny erkjenning ut i frå å sjå «nye» samanhengar frå delar til heilskapar, blir i hermeneutikken kalla for «den hermeneutiske spiral» (Thurén, 2009).

4.2 Etiske vurderingar

I kvalitative intervju arbeidar ein med å forstå respondentane si erkjenning av eit emne. Dette kan medføra at ein kan få kjennskap til personleg informasjon som eigentleg ikkje er delbart.

De Nasjonale Forskingsetiske komiteer understrekar på si heimeside viktigheita av å ivareta integriteten til respondentane i intervjuet, både underveis i intervjeta og i etterkant i analyse og offentleggjeringa av prosessen. (De nasjonale forskningsetiske komiteer, 2016)

Denne studien er meldt inn til Norsk samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD). Studien blir av NSD vurdert til å ha «lav personvernulempe». NSD har gitt studien ei forenkla vurdering med vilkår. Dette medfører at eg må ettersjå at respondentane gjer eit skriftleg samtykke.

Det skriftlege samtykket inneheld informasjon til respondentane om emnet for studien, og kva informasjonen i intervju skal nyttast til. Dei fekk og ein tidsplanen for studien, og informasjon om på kva måte intervjuaterialet blir handsama og lagra. Alle respondentane i intervjuet har blitt anonymisert, materialet (både lydoptak og transkriberinga m.m.) er lagra på Høgskulen på Vestlandet sin forskarservar.

Ved oppstart av kvart intervju blei informasjonsskrivet, samt skriftleg samtykke gjennomført. Dette materialet blei tilsendt respondentane på førehand. Dei blei også informert både munnleg og skriftleg om at deltakinga i studien er frivillig, og at ein til ei kvar tid kan trekkje seg som deltakar.

4.3 Forskingsdesign

Designen på studien skal bidra til å få meir kunnskap kring problemstillinga i oppgåva, og samstundes leia arbeidet fram til å finna kunnskapen. Forskingsdesignet er avhengig av dei to nemnde komponentane.

I denne studien har eg nytta kvalitative intervju som metode. Intervjuet er bygd opp etter tema, og etter fastlagte spørsmål som var utgangspunkt for intervjuet. Dette for at det skal vera mogleg å samanlikna intervjuet i etterkant. Thaagard (2013) forklarar denne arten av intervju som ei delvis strukturert tilnærming. Strukturane i den utarbeidde intervjuguiden, gav rammer for gjennomføring av intervjuet, men også moglegheit for å stoppe opp, å gå i djupna der det var naturleg. I dei kvalitative intervjuet er det alltid ei viss fare for at eg som intervjuar påverkar situasjonen, dette gjennom både verbal og non – verbal kommunikasjon og ikkje minst gjennom min eigen erkjenning innan temaet eg intervjuar om. - Alt dette er viktig å ta omsyn til i intervjustituasjonen, slik at det er respondentens tankar som kjem fram, og ikkje mine. (Thagaard, 2013).

4.4 Framgangsmåte

Her vil eg kort skildre av forlaupet for studien. Dette ved å gå gjennom førebuingssarbeidet, ein kort presentasjon av respondentane, og ei forklaring av sjølvve gjennomføringa av intervjuet. Til slutt er det ei kort forklaring på transkripsjonen, etterfulgt av eit oppsett på korleis analyseprosessen blei gjennomført.

4.4.1 Førebuing til intervju

Som forarbeid til denne studien har eg saumfara rapportar, artiklar, stortingsmeldingar m.m. som omhandlar tilbodet born med minoritetsspråkleg bakgrunn får i grunnskulen i Noreg. I fyrste omgang for å «spissa» problemstillinga i denne oppgåva, men òg etter kvart for å ha eit godt grunnlag til intervjuguiden som eg skulle nytta i intervjusituasjonen.

4.4.2 Presentasjon av respondentane

I denne studien møter ein respondentar som representerer fem ulike kommunar. To av respondentane har erfaring frå andre kommunar som er representert i studien. Kommunane vel eg å kalla kommune nr 1, 2, 3, 4 og 5. Tre av kommunane høyrer til eit fylke, og dei to andre høyrer til eit anna fylke. Kommunane har stor skilnad på storleik og skulefagleg organisering.

I kommune 1 og 3 er innføringstilboden for særskild norsk i grunnskulen organisert som innføringsklassar, i kommune 4 og 5 tilbyr kommunane delvis integrerte tilbod. Kommune 2 har eigen innføringsskule.

Tabell 2: Oversyn – samanheng mellom respondent, kommune og organiseringsmodell

Respondent	Kommune tilhøyrlighet	Organiseringsmodell
R1 (Respondent 1)	Frå kommune 1	Innføringsklassar
R2 (Respondent 2)	Frå kommune 2	Innföringsskule
R3 (Respondent 3)	Frå kommune 3	Innføringsklassar
R4 (Respondent 4)	Frå kommune 4	Delvis integrert innföringstilbod
R5 (Respondent 5)	Frå kommune 5	Delvis integrert innföringstilbod

Intervjuobjekta blir heretter referert til som respondentar, med forkortingane R1, R2, R3, R4 og R5.

Tabell 3: Oversyn på respondentane si rolle i organisasjonen og faglege bakgrunn

Respondent	Respondentane si rolle i organisasjonen	Fagleg bakgrunn
R1	Rektor på ein skule med innføringsklasse, tidlegare skulefagleg rådgjevar.	Pedagog
R2	Forskar, tidlegare fagledar (assisterande rektor)	Pedagog
R3	Pedagogisk konsulent for skulesjefen	Pedagog
R4	Rektor og kommunalsjef oppvekst	Pedagog
R5	Rektor og kommunalsjef oppvekst	Pedagog

Dei fem respondentane har alle pedagogisk-utdanning, men det er berre tre av dei som har erfaring med undervisning av minoritetsspråklege elevar. Tre er rektorar på skular, der to av dei i tillegg er kommunalsjef for oppvekst, og sitt i rådmannen sin stab i den representative kommunen. Ein er skulefagleg rådgjevar, og har hovudansvaret for norsk opplæringa i heile kommunen. Den siste er forskar, og har arbeidd på fleire innføringstilbod i ulike kommunar.

«... så søkte jeg på jobb på (innføringsskole)... der var jeg norsklærer for voksne med ansvar for grunnskolefeltet. Jeg har vært inspektør/ avdelingsleder på innføringsskolen ...»

(Respondent 2)

R4 og R5 representerer små kommunar med få skular, og arbeidar begge i kommunar som blir drifta etter tonivåsmodellen. Dette inneber at dei både har funksjonar på kommunalt administrativt nivå, og som skuleleiarar. I motsetning til dei tre andre respondentane, rapporterer R4 og R5 at tilgang på kvalifisert undervisningspersonale har vore utfordrande og avgjerande for kva tilbod elevane i kommunen kan få. Dette omhandlar alt frå morsmålsundervisning og tospråkleg fagopplæring til særskild norsk undervisning. I særskild norsk undervisninga har desse kommunane hatt store problem med å skaffa folk med kompetanse innan fleirkulturell pedagogikk, og “norsk som andrespråks” pedagogar.

«...mi rolle er å vera rektor på ein 1 – 10 skule. Eg har ansvar for vaksenopplæringa og SFO...min bakgrunn er at eg er naturfaglærar med matematikki tillegg er eg skulefagleg ansvarleg..for vi er ein tonivås kommune...» (Respondent 4)

Dei fem ulike kommunane har stor variasjon i areal, fysiske avstandar mellom skulane, tal på skular og tal på innbyggjarar. Dette er kontekstuelle forhold som er ein del av respondentane sitt miljø.

Tabell 4: Oversyn – tal på innbyggjarar i respondentane kommune etter SSB sin standard for klassifisering av kommunar etter innbyggjartal (SSB, 2019), areal på kommunane frå kartverket, omarbeida for å sikre anonymitet, samt tal på grunnskular.

Kommune	Tal på innbyggjarar	Areal på kommunen	Tal på grunnskular
Kommune nr.1	10.000 - 19.999	20 - 30 km ²	3 stk.
Kommune nr. 2	50.000 eller fleire	80 - 100 km ²	40 stk.
Kommune nr.3	20.000 - 49.000	100 - 150 km ²	13 stk.
Kommune nr.4	Mindre enn 2000	1 - 10 km ²	1 stk.
Kommune nr.5	2000 – 4999	50 - 60 km ²	2 stk.

Utvalet blei tatt med grunnlag i eit ynskje om at det i studien skulle vera respondentar som representerer dei tre organiséringsmodellane for innføringstilbod i særskild norsk i grunnskulen, som er skissert i Oppli §2.8: Delvis integrert tilbod, innførings klassar eller innføringsskule. Eg sendte ut forespørsel på mail, og følgde så opp med ein telefonsamtale. Dei to største kommunane eg kontakta, fekk eg ikkje respons frå. Dei fem respondentane eg fekk kontakt med, var positiv og stilte gjerne opp til intervju.

4.4.3 Gjennomføring

Intervjuet blei gjennomført på slutten av 2018 på ein periode på kring 5 veker. Respondentane fekk sjølv velje stad og plass for intervjuet, dette for å sikra at konteksten ikkje skulle påverka intervjuasjoner negativt. Alle intervjuet blei gjennomført på kontora til respondentane, utanom eit, som vart gjennomført heime hjå den eine respondenten.

På intervju dagen, starta intervju situasjonen med ein presentasjon av meg, gjennomgang av informasjonsskrivet og skriftleg samtykke (Sjå vedlegg IV og V). Intervjuguiden fungerte som «kart» under intervjuet. Intervjuet blei tatt opp på diktafon, dette for å sikra høgast mogleg rehabiliteit. Alle fem respondentane trøng litt tid til å bli komfortabel med «opptaks» - situasjonen. I denne fasen snakka ein litt laust om referansepersonen si utdanning, kva rolle dei har i organisasjonen dei jobbar i og kva erfaring og tankar dei har kring arbeidet med minoritetsspråklege elevar. Intervjua var på 30 – 60 minutt.

Alle respondentane hadde satt av tid til intervjuet, men tre av informantane hadde avbrot i intervju situasjonen grunna andre oppdrag underveis. Dette var likevel av ein slik art, at eg ikkje vurderer dette til å vera skadeleg for fokuset i intervjua.

4.4.4 Transkripsjon

Opptaka av intervjeta vart overført til skrift så raskt som mogleg. Identifiserande informasjon som t.d. namn var fjerna og koda, dette for å sikra anonymitet. Transkripsjonen blei gjennomført ved at ein, med utgangspunkt i opptaka på diktafonen, skreiv ned setning for setning. Dette var eit tidskrevjande oppgåve. Alt frå pausar til humring, vart notert ned. Dette for å sikra at ein får med alt som kan vera relevant i analysen.

Lydopptaka og intervjeta er fram til sluttpunkt for studien lagra på Høgskulen på Vestlandet sin forskingsservar.

4.4.5 Analyse

Dei fem intervjeta resulterte i eit relativt stort og innhaldsrikt tekstdokument. For å nytta det innsamla materialet, er det naudsynt å analysere det ved å bryta det ned og systematisera det.

Malterud skiller forsking frå overflatisk 'synsing' på følgjande måte: «Systematisk analyse med forpliktande tolkinger og resultater som lærer oss noe vi ikkje visste frå før, utgjør den viktigste forskjellen mellom forsking og overfladisk «synsing»» (Malterud 2017:19)

Til analysen har eg nytta eit analyseprosedyre inspirert av K. Malterud (2017) si metode for stegvis tilnærming for systematisk tekstkondensering. Bakgrunnen for dette valet heng saman med at systemet gjev konkrete og stegvise råd om analysearbeidet, noko som er bra for ei novise i analysearbeid.

Steg 1: Heilskaplege inntrykk

Eg byrja arbeidet med å lesa intervjuet fleire gongar. Etter dette markerte eg ut, og kategoriserte materiale, til mellombelse tema. Eg nytta fargar og skreiv notater. Etter dette arbeidet satt eg att med fem hovudgrupperingar av tema. Arbeidet med dette blei gjort for å oppnå meir kjennskap med det innsamla materialet, og skapa meg eit heilskapleg bilet.

Steg 2: Identifisering av meiningsberande einingar

Denne fasen innebar meir sortering og kategoriseringar i meiningsberande einingar. Materialet vart vurdert, og sortert etter kva ein skulle halde «fast» på i det vidare arbeidet, og kva som ikkje skulle takast med. Her måtte eg arbeide meg fleire gongar igjennom materialet for å sikra at det meiningsberande vart tatt vare på, og det som ikkje er meiningsberande vart tatt vekk. Etter dette arbeidet landa eg på to hovudtema med underkapittel.

I denne prosessen er det viktig halde fokus på at ein ikkje mister respondentane si meinig med det som har blitt uttrykt, det er lett for når ein arbeidar seg ned på setningsnivå.

Steg 3:Kodensering

I arbeidet på dette steget, koda eg og sorterte materialet i meiningsberande einingar. «Man kondenserer ved å hente ut mening av de kondenserte og samlede enhetene og tar en enhet av gangen» (Matlerud, 2013:105)

Materialet blei så sortert og samla på tvers av intervjuet. Dette for å tydeleggjera kva dei ulike respondentane hadde svara på dei same spørsmåla. Dette gjorde arbeidet med søket etter fellestrekke for respondentane lettare. Gruppene som stod fram under dette arbeidet har eg nytta i det vidare analysearbeidet.

Steg 4: Syntese – frå kondensering til skildring.

I den siste fasen av analysearbeidet samla eg «fragmenta» funne i sorteringa av materialet, og presenterte funna på ein måte som kunne føre til ny erkjenning. Funna frå dette arbeidet kjem fram i kap. 5, der funn i studien blir presentert.

Analysearbeidet har krevd mykje tid, men det har gitt god oversyn på kva respondentane har formidla om emnet.

4.5 Reliabilitet og validitet

Omgrepa reliabilitet og validitet har sitt utspring i frå kvantitativ forsking. Innhaldet i omgrepa har eit anna meiningsinnhald innanfor den kvalitative forskinga enn i den kvantitativen forskinga. Dei blir likevel nytta innanfor kvalitativ forsking. (Thagaard, 2003:22)⁵

Reliabilitet handlar om kor stor grad av pålitelegheit eit studie har. Dette handlar om at forskinga skal vera konsis, og stabil i målingane sine. Samstundes skal forskaren som gjennomfører studiet skilje mellom data som er innhenta under forskinga, og eigne vurderingar. Ein søker at materialet i studien skal vera intersubjektivt gyldig. Dvs. at fleire forskrarar kan komme fram til tilnærma likt resultat om dei gjentar studien. (Tranøy, 1986)

«*Validitet handler om gyldigheten av de tolkningene undersøkelsene fører til*» (Thaagard, 2013:194). Den som gjennomfører forskinga bør ha innsikt i kva som ligg til grunnlag for ein eigne tolkingar.

⁵ Kapittel 1-4 i oppgåva inneholdt direkte utdrag og omarbeida tekst ifrå mine tidlegare eksamensoppgåver; henholdsvis ME6-500, Forskingsstrategiar og metode, haust 2017, ORG 502, Styring, omstilling og leding, vår 2018.

Eg hadde erfaring og kunnskap innan fagfeltet ved oppstart av forskingsprosjektet mitt. Eg hadde liten, eller ingen relasjon til dei som vart intervjua. Respondentane har fått utrykkja sine meningar og tankar, utan at eg har gjort noko forsøk på å få dei til å bli einig i mine spørsmål eller hypotese. Målet med intervjuha har vore å få erkjenning i korleis respondentane har opplevd avgjersleprosessen. Respondentane i intervjuha opptredde fritt. Dei gav grundige og utfyllande refleksjonar i samanheng med temaet i studiet.

Det er likevel viktig å ta med seg at alt materialet som kom fram i intervjuha, blir tolka og erkjent gjennom mi innsikt.

5. Presentasjon av funn

Dette kapittelet syner det empiriske materialet i studien. I intervjuet gjev respondentane ei skildring av avgjersleprosessane som dei ulike kommunane har hatt frå byrjinga fram til innføringstilboda for særskild norsk i grunnskulen blei iverksett. Funna viser dei ulike organisasjonane si erfaring, kva for aktørar som har vært involvert og dei ulike aktørane si rolle, samt kontekstuelle forhold som har hatt verknad på valet av organiseringssmodell, og avgjersle prosessen.

Noko av materialet er satt inn i tabellar, og på den måten systematisert, mens andre funn blir presenter ved samandrag og sitat.

Kapittelet er delt inn i tre hovuddeler. Det første delkapittelet: «Følgjer av erfaring og kunnskap i organisasjonen», tar for seg korleis respondentane opplever at deira organisasjon sin historie og erfaring har vore med på å forma og påverka valet av organiseringssmodell. Det andre delkapittelet ser nærmare på kva aktørar respondentane meiner har hatt ei rolle i avgjersleprosessen fram mot det fungerande innføringstilboden. Det tredje delkapittelet tar for seg nokre av dei kontekstuelle forholda som respondentane meiner har hatt innverknad på val av modell. Til slutt, i det fjerde delkapittelet, kjem ei oppsummering av hovudfunna i studien.

5.1 Følgjer av erfaring og kunnskap i organisasjonen

Denne delen handlar om kva tidlegare erfaring med organisering og opplæring innan særskild norsk har hatt å seie for oppbygging av nytt innføringstilbod og val av organiseringssmodell, ifølge respondentane. Ein av hovudtendensane i materialet er at dei ulike organisasjonane i studien byggjer opp systema sine på grunnlag av tidlegare erfaringar.

Dei fem kommunane (respondentane) var på ulike stader når det gjaldt avgjersleprosessen for organisering av innføringstilbod. Dei store kommunane hadde erfaringar frå tidlegare, mens dei mindre kommunane hadde mindre erfaring. Nedafor er ulikskapar i respondentanes erfaringar skjematiske framstilt i tabellform.

Tabell 5: Følgjer av erfaring og kunnskap i organisasjonen.

Følgjer av tidlegare erfaring og kunnskap for val av organiseringsmodell		
<i>Respondent</i>	<i>Respondent</i>	<i>Forklarande tolking</i>
R1	<i>Ja, både her og i nabokommunen er det ikke skjedd nokre endringar i organiseringa i utgangspunktet. Det er sånn som det var(før 2012). Dei har altså på ein måte alltid hatt innføringsklassar der, iallfall lenge før mi tid..og det same her.</i>	Dette syner at R1 sin organisasjon har heldt fast på kunnskapen og erfaringane fra tidlegare arbeid med særskilt norskundervisning. Med utgangspunkt i det som var «før» har ein gått vidare fram i same leia.
R2	<i>(innføringsstilbuet) var for så vidt i gang..egentlig før lovendringa kom. Før min tid hadde de språkstasjon(på ein barneskule)..og vaksenopplæringa lokalisert til (namn på skule)... Tanken at språkstasjonselevene skulle inkluderes i det ordinære tilbuet,..eh for eksempel gjennom interaksjon med ... norske medelever...men at det ikke fungerte sånn som man hadde egentlig sett for seg at det skulle gjøres sånn sosialt sett da..det var et av argumentene som ble brukt for samlokalisering.</i>	I dette sitatet viser R2 at organisasjonen har tatt valet om ein bestemt organiseringsmodell ut i frå tidlegare erfaringar. R2 syner refleksjon over nokre forhold som ligg til grunne for valet av organiseringsmodell.
R3	<i>Men selve innføringsstilbuet for nyankomne, både flyktninger og arbeidsinnvandrere. Har de hatt i veldig mange år før et. ... men bare på barnetrinnet...Men så ...fordi det var så mange i ungdomsskole...femtenåringer helt utan skolebakgrunn...Da fant vi ut at vi måtte gjøre noe annet.</i>	I sitatet til R3 kjem det fram at organisasjonen har erfaring med opplæring av elevar med minoritetsspråklege elevar, men ikkje, i stor grad, på ungdomsskulenivå.
R4	<i>Sjølv om eg bur i ein liten kommune..så har me veldig mange forskjellige nasjonaliteter her..men det er enten arbeidsinnvandrarar eller dei er gift eller sambuar,da..sånn har skulen og kommunen har jo hatt erfaring tidlegare med både grunnskuleelevar og vaksne.</i>	R4 forklarar her om tidlegare erfaringar organisasjonen har hatt med opplæring av elevar med bakgrunn frå andre land.
R5	<i>Ja ... det var veldig høyt oppe i alle samtaler, vi måtte sørge for at vi ikke fikk den samme situasjonen som forrige gang, slik at en har da involvert mange andre, også frivillige organisasjoner ...vi må få de ut der det norske språket brukes, der de kan få kontakt og bli integrert</i>	Med dette uttrykker R5 at organisasjonen tar med seg kunnskap og erfaringar fra tidlegare arbeid med elevar som har opphav i frå andre land, når dei arbeidar med val av organiseringsmodell for innrøringstilbod for minoritetsspråklege elevar.

R1 og R2 representerer «store», vel etablerte og stabile innføringstilbod. Tilboda som desse respondentane har vore ein del av, eller leia, er eit produkt av ei langtidsatsing på kommunalt nivå. Dei uttrykkjer at organiseringssmodellen og innhaldet likevel ikkje oppleve som statisk, men som eit system som tilpassar seg «notida». Dei har dermed fått evaluert organiseringa undervegs, og utvikla dei etablerte organisasjonsmodellane sine til å passa endringar i lokale forhold.

Dei tre resterande respondentane representerer organisasjonar som har erfaring med innføringstilbod, men gjerne med andre grupperingar av innvandrarar enn no. I tillegg har desse kommunane eit meir ustabilt innføringstilbod som varierer etter tal på brukarar.

Respondentane representerer samla alle dei tre moglege innføringstilbodene som det vart laga opning for då opplæringslova §2.8 vart endra i 2012. Den eine respondenten har i hovudsak arbeida på innføringsskular, to av dei representerer innføringsklassar og dei to siste har hatt delvis integrerte tilbod.

R1 og R2 har begge skular som har arbeidd med innføringstilbod over lang tid. Det kan sjå ut til at erfaringane R2 har hatt i sin organisasjon, har fått konsekvensar for R1 som ligger like ved. Kommunane har tette forhold geografisk og leiande stillinger innan oppvekst har vore besatt av same person, først i den eine kommunen, og så i den andre.

R2 framhevar at tilboden i kommunen har endra seg i frå utgangspunktet. Det var kommunalsjefen i samarbeid med sterke røyster innan vaksenopplæringa, samt endring av lokalitet og auka tilgang på minoritetsspråklege elevar i grunnskulen, og betre forhold for fagkompetanse, som opna opp for ei endring. Argumenta for endring hjå R2 var som følgjande:

“”skolen” skulle flytte til nytt bygg ...”... språkstasjonselevene skulle egentlig inkluderes i det ordinære tilboden gjennom interaksjon med norske medelever...dette fungerte ikke slik en hadde tenkt seg...det ble en slags enklave...” “... Det psykososiale argumentet ... det var tryggere for ungene å være i nærheten av foreldrene og visa versa...” “morsmåslærerene fikk en arbeidsplass og en tilhørighet ...”. (R2)

Respondent 3 skildra korleis trøngen for ei endring leia fram til endring i hennar organisasjon:

“... tilfeldighetene vet du...(skolen) startet å føle på behovet for å gjøre ett eller annet...plutselig fikk vi inn en del minoritetsspråklige...og så var jeg med å starte opp innføringsklassen...” (R3).

Før dette hadde kommunen hatt innføringstilbod lokalisert lokalt på dei ulike grunnskulane.

“... rektor og avdelingsleder på skolen ba meg om å etablere en sånn gruppe ...” (R3)

Ut ifrå dette punktet, har R3 vore sentral i utviklinga av eit stort og komplekst system i kommunen. I R4 og R5 sine kommunar følger organiseringssmodellen talet på minoritetsspråklege elevar.

“ Tanken var og at me ville ha dei (elevane) ut i klassane sine raskast mogleg..” (R5)

Funna kan tyde på at dei store kommunane har hatt lengre og breiare erfaring med opplæring i norsk for minoritetsspråklege. Det at desse kommunane har dette i sin erfarringsbank, medfører at dei kan nytte denne kunnskapen når dei byggjer opp innføringstilboden for minoritetsspråklege i særskild norsk i grunnskulen. Dei små kommunane har også erfaring frå tidlegare med opplæring av minoritetsspråklege elevar. Men, det kan sjå ut som om at dei små kommunane har lettare for å bli påverka av kontekstuelle forhold.

5.2 Ulike aktørar og kontekstuelle forhold

Dette kapittelet handlar om to sentrale funn. I første del syner funna korleis ulike aktørar har hatt innverknad eller lagt føringar, og påverka valet av modell. I andre del av kapittelet blir det presentert kontekstuelle forhold som respondentane meiner har hatt innverknad på valet og utforminga av organiseringssmodell for innføringstilbod for særskild norsk i grunnskulen.

5.2.1 Ulike aktørar og deira rolle

Materialet i dette underkapittelet syner fram fire hovudgrupperingar av aktørar som respondentane trekkjer fram som viktige for valet av organiseringssmodell. Desse grupperingane blir skildra i dei følgjande underkapitla.

5.2.1.1 Politisk påverknad

Alle respondentane rapporterte at val av organisasjonsmodell mellom anna kom som eit resultat av samspelet mellom politikarar, kommuneadministrasjon og skule. Den eine

respondenten uttrykte i høgare grad enn dei fire andre, opplevinga av sterk påverknad frå politikarane. Denne respondenten beskriver påtrykket fár statlege og kommunale politikarane slik:

“... (Det lokale politiske vedtaket) blei gjort ganske kjapt, og myndighetene pusja jo ganske heftigt på, så de kan ikkje bare sei at det var dei lokale politikarane, heile landet vårt pusja jo på...me kunne få masse nye innbyggjara, og det følge te og med masse penga med dei..i begynnelsen..” (R4)

Fleire av respondentane opplevde stort “trykk” frå både statlege og kommunale politikarar. Det var særleg tre av informantane som i intervjuet gav inntrykk om at dette var tøffe tider der dei måtte løyse mange problemstillinga “ad hoc”. Ein av respondentane forklarar hastverket i saka på følgjande måte:

“..me gjekk frå 0% til 17% minoritetsspråklege (elevar) i løpet av januar. Dei har jo ikkje hjelpespråk...dei har veldig lav skulefaring..og dei kjem frå eit fullstendig annleis system..” (R4)

Alle respondentane hadde kontakt med dei lokale politiske styresmaktene. Respondentane skildrarar at påverknaden til desse aktørane har vore noko ulik, men at dei har hatt ei rolle i prosessen. Nedanfor er utsegn om kommunepolitikarens innflytelse framstilt i tabellform.

Tabell 6: Tydinga av politisk påverknad

Tydinga av politiske påverknad for avgjersla av organiseringsmodell.		
Respondent	Respondent	Forklarande tolking
R1	<i>Ja, det trur eg..med det blei jo segmentert då..gjennom nye vedtak. For det blei jo behandla politisk...det var ikke noko administrativ avgjersle</i>	Utsagnet til R1 viser til at avgjersla blei behandla politisk, og at denne politiske prosessen var lang. Administrasjonen hadde avgrensa påverknad på avgjersla.
R2	<i>Det er mitt inntrykk at politikerne i kommunen har hatt stor tiltro til den jobben som "skolen" gjør og har gjort... og det veide ganske tungt i forhold til hva de beslutta skulle være videre.</i>	R2 syner til at politikarane har støttet seg på fagleg ekspertise i skulen, når dei har gjennomført politiske vedtak om innføringstilbod.
R3	<i>Ikke politisk, (men) administrativ. Vi har en veldig grei rådmann. Vi har presentert det for politikerne, men alltid hatt deres støtte, og de har ikke blandet seg inn.</i>	R3 trekk fram at politikarane har følgt administrasjonen sine råd ved avgjersle.
R4	<i>Det politiske vedtaket som ble gjort..at me skulle ta imot flyktningar, det ble gjort ganske kjapt..Det var ingen som hadde laga ein overordna plan på verken politisk nivå eller administrativt nivå (om organisering)..bortsett fra at kommunen ønska å ta i mot...</i>	R4 representarar ein noko spesiell situasjon der det kan sjå ut som om verken politikarane eller administrasjonen har gjort vurderingar kring innføringstilbod, men likevel gjennomført politiske vedtak om mottak.
R5	<i>Det var ikke noen politisk prosess som gikk direkte inn på de faglige vurderingene som rådmannen gjorde. Det var selvsagt en diskusjon mellom meg og rådmann ... det var et ønske om at det (organiseringa) skulle bli gjort slik..</i>	R5 syner til ein sterk administrativ prosess, der politikarane har hatt liten påverknad.

5.2.1.2. Kommuneadministrasjonen sin påverknad

Ut i frå intervjuet er det berre R2 og R4 som trekk fram at føresette til dei minoritetsspråklege elevane har hatt ei “stemme” med i avgjersla om organiseringsmodell. R2 forklarar at omsyn til born og føresette, med traumatiske bakgrunn hadde konsekvensar for val av utforming og lokalisering.

Det er ikkje eintydige funn i studien for at kommuneadministrasjonen har hatt ei aktiv rolle i valet av organisasjonsmodell. To av respondentane kjem tydleg fram med at rådmann eller representant for skuleigar har hatt ei aktiv rolle for oppstarten av innføringstilboda deira.

Ein av respondentane poengterer rådmannen sin påverknad slik:

«... Det var ønske frå rådmannen at det skulle gjøres sånn...»(Sette i gang eit innføringstilbod). «Det var rett og slett noe som en gjorde (ikkje gjennom politiske prosessar) ut ifra det faglige ståstedet en trodde en hadde da. ... det var en diskusjon mellom meg og rådmann...men det var helt klart at det var ønskelig at vi skulle gjøre sånn» (R5)

Mens ein annan respondent trekk fram skulesjefen som den sentrale aktøren:

«En kan si at det var et behov for oss (innføringstilbud), så tok en kontakt med skolesjef som var veldig positiv ... og fikk godt med ressurser til å sette i gang en sånn gruppe» (R3)

Det er òg noko ulike forståingar av om storleiken på kommuneorganisasjon har noko innverknad på val av organisasjonsmodell.

Ein respondent seier at det er:

«Vanskeleg å vite» (R2)

Ein annan meiner å sjå at det i små kommunar kan gjerast raske avgjersler fordi det er kortare avstand til kommunaleiinga:

«Vi som er litt mindre ... det er litt bra å være litt mindre...fordi vi kan få mere til ...fortere...det er ikke så langt opp til sjefsnivå...» (R3)

Og ein tredje respondent meiner å sjå at fleksibiliteten i dei små kommunane er større enn i dei store:

«Ja.. Alt som er i ein liten kommune er mykje meir fleksibelt.. det er veldig kort veg frå elev, lærar, rektor/skulefagleg ansvarleg(som er den same) og BUP, Spesialhelsetenesta, PPT.. Reaksjonstiden vår i en liten kommune.. den er jo vanvittig rask.» (R4)

5.2.1.3 Eigen påverknad

Fleirtalet av respondentane har tankar om kva eit innføringstilbod bør innehalde. Dei fleste respondentane meiner at dei sjølv har hatt rolle kring valet av organiseringsmodell. Fleire ytrar og tankar om heilskapleg tenking om innføringstilbod.

Ein av respondentane poengterer tydinga av at dei minoritetsspråklege elevane må ha tileigna seg ei viss norskunnskap før dei deltek i vanleg klasseundervisning.

«... De er med i på turer og sånn (med skuleklassen dei hører til i). Det er i gruppen sin (innføringstilboden) til de begynner å få et fungerende språk ... de må ha et visst nivå på norsk sin før de tørr å begynne å snakke med andre ...» (R3)

Mens ein annan meiner at resultatet blir best om dei minoritetsspråklege elevane startar direkte i vanlege klassar:

«... Tanken ... var da at elevene skulle ut i klassene der de hørte hjemme så fort som mulig, så de fikk være med i alle fag der de i det hele tatt kunne ha noe som helst slags utbytte... bare av å følgje med.» (R5)

Denne respondenten trekkjer fram at det er fleire tilbod enn norskopplæringa i grunnskulen som blir nytta av enkelte:

«[namn på ein frivilligorganisasjon] har vi samarbeid med, de organiserer blant annet svømmeopplæringen for de minoritetsspråklige elvene.. vi har flyktninghelseteam og kommunepsykolog for flyktninger.» (R3)

Alle respondentane skildrar at dei sjølv har hatt innverknad på korleis organiseringsmodellen i deira kommune har tatt form. Enten ved deira faglege kunnskap eller ved posisjonen dei har i organisasjonen. Respondentane har hatt ulike ståstadar og roller i avgjersleprosessen. Nokre av dei har leia prosessen, mens andre har «overtatt» resultatet av ein allereie gjennomført prosess.

Ein av dei som har hatt stor innverknad på måten tilbodet ble utforma formularar seg slik:

«...Rektor ba meg laga ein klasse. Me tok kontakt med skulesjefen som var positiv...» (R3)

Mens ein annan tok over eit allereie etablert tilbod:

«Dei har ... på ein måte alltid hatt innføringsklassar der, iallfall lenge før mi tid». (R1)

Det kjem fram, særleg i intervjeta med R3, R4 og R5 at respondentane har hatt ei rolle i forhold til oppbygging av tilbodet i deira kommunar. Dette, mellom anna, ved å aktivt hente inn materiale frå andre kommunar som har lengre erfaring i drift av innføringstilbod, samt frå organisasjonar som NAFO (Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring) og ifrå Utanningsdirektoratet.

Ein av respondentane skildrar søkerprosessen etter kva for alternative organiseringsmodellar som eksisterer slik:

“....Jeg reiser stort sett alene (som representant for kommunen) når NAFO har arrangert kurs.. jeg har også vært i Drammen...” (R3)

5.2.1.4 Ulik nivå på kunnskap i utdanningspersonalet

Nokre av respondentane gjev og uttrykk for uro over å sende elevar med for låg kompetanse i språk inn i det “norske”-klasserommet. Ein av respondentane meiner å sjå at manglande norskkunnskap passiviserer og isolerer dei minoritetsspråklege elevane i starten:

“... for eleven bare sitter der da... Det er bare utopisk å tro at de blir integrert. De må ha et visst nivå på norsk sin før de tørr å begynne å snakke med andre ...” (R3)

Det ser ut til at diskusjonen om varigheit på innføringstilboden, og spørsmålet om når ein elev har høgt nok nivå på norskkunnskapen til å følgje ordinær undervisning, har vore gjennomført i prosessen kring valet av organiseringsmodell hjå dei fleire av respondentane. Respondent 3 skildrar overgangen frå innføringstilbod til nærskule på følgjande måte:

«... Elevane blir kartlagt..så når de(lærarane på innføringstilboden) ser at de(elevane) kan følge undervisninga (i ordinær klasse)..sånn noen lunde..Ja..så «smokk» inn i skolen ..så fort som mulig...» (R3)

Respondent 1 er tydeleg på at organisasjonen han representerer ikke hadde hovedfokus på modell, men på innhaldet i tilboden:

«..Det var meir diskusjon om kor lenge dei (elevane) skulle være der (i innføringstilboden).. ja og om samarbeid, overføring av kompetanse, kartlegging og sånne ting..» (R1)

Fleire av respondentane skildrar situasjonar der lærarar som ikkje er ein del av innføringstilboda finn det vanskeleg å tilpassa eigen undervisning til det nivået «særskild-norsk»-eleven har. Respondent 3 sett ord på denne problemstillinga på følgjande måte:

«..lærerene makter ikke å tilpasse så godt individuelt..» (R3).

Det som kjem fram frå skildringane til respondentane er at det kan oppstå eit skilje mellom kva lærarane på innføringstilboden, og lærarane på skulane der elevane får «ordinær» undervisning, meiner er eit høgt nok nivå på norsk røyslene.

Ein av respondentane (R2) fortel at kommunen har tatt konsekvensen av dette gapet mellom innføringstilbod og den ordinære skulen. Kommunen denne respondenten kjem i frå har oppretta eit «veilederkorps» der særskild norsk lærarar, morsmåslærarar og tospråklege faglærarar sikra overgangen frå innføringstilbod til dei ulike opplæringsstadane (barnehage/grunnskule/ vidaregåandeskule). Denne respondenten forklarer korleis veilederkorpsa fungerer på følgjande måte:

«... De har et veilederkorps som er et spleislag mellom skolene i kommunen ...de dekker på en måte hele utviklingsløpet, de reiser rundt på de ulike skolene og veileder konkret...men de holder også kurs der de inviterer lærere til å delta...Kursene er både læringsteoretiske og metodiske i forhold til hvordan man kan ivareta elever med vedtak etter §2.8.» (R2)

5.2.2 Kontekstuelle forhold

Dette underkapittelet har søkelys på kontekstuelle forhold som respondentane meiner har hatt innverknad på valet av organiséringsmodell. Materialet syner særleg til to hovedfunn. For det første gjeld dette tilgang på relevant undervisningskompetanse og for det andre geografiske forhold (geografisk utforming av kommunen). Desse kontekstuelle forholda blir omtalt i dei følgjande underkapitla.

5.2.2.1 Følgjer av tilgang på relevant undervisningskompetanse

Respondentane i dei to minste, og langstrakte kommunane fortel om at det har vore utfordrande å få tak i relevant undervisningskompetanse.

R4 fortel om ein tolk som skal dekke 6 elevar i fleire ulike klassar, samstundes. Denne respondenten skildrar dei praktiske utfordringane slik:

«..vi måtte prøve å få logistikken til å gå opp fordi dei(elevane) var jo i fire klassar frå 5 – 10...som trengte tolk...» (R4)

Med bakgrunn i dette og storleiken på skulen, uttrykkjer respondenten:

«..(Delvis integrert modell) er den modellen som er praktisk gjennomførbar på ein relativ liten skule, med relativt få elevar...»(R4)

Den eine respondenten (R5) har satt saman innføringstilbodet kring ein lærar med høgkompetanse innan opplæring av minoritetsspråklege elevar i grunnskulen.

«..eg fekk tak i en lærar som har høy kompetanse på akkurat dette feltet, og ho har ansvaret for opplæringstilbodet til elevene her...» (R5)

Denne einskilde læraren har andre lærarar som ho delegerer oppgåver til. Denne læraren har undervisning på alle avdelingane på skulen.

«..Slik at ho skal kunne ha en rød tråd på det..» (R5)

Respondentane frå dei to største kommuneorganisasjonane med lengst og breiast erfaring frå innføringstilbod for opplæring i særskild norsk i grunnskulen, gjev ikkje tilbakemelding om at tilgangen på kompetent undervisningspersonell er eit problem, eller om at dette har gitt føringar for val av organiséringsmodell.

5.2.2.2 Geografiske forhold

Fleire av respondentane hadde tydelege meininger om at geografiske forhold som avstand og fysiske strukturar hadde innverknad på valet av organiséringsmodell. Nedanfor er utsegn om dei geografiske forholda si tyding for val av organiséringsmodell skjematiskt stilt fram:

Tabell 7: Følgjer av geografiske forhold

Følgjer av geografiske forhold for val av organiseringsmodell		
Respondent	Respondent	Forklarande tolking
R1	«Nå er K1 ein veldig liten kommune med kort avstand..det er 1 km til den neste skulen og så 2 km til den etter den der igjen..Det er ein spesiell skulestruktur fordi det er tre 1-10 skular» (R1)	R1 viser til at det er korte avstandar mellom skulane i kommunen. Dette gjer at det ikkje er noko problem med gjennomføring av transport til og frå skulen, eller at elevane får problem med kjensla av tilhøyrihet og det sosiale i forhold til innføringstilbod som ikkje naudsyntvis er lokalisert på nærskulen.
R2	(utforming og plassering av tilboden). «...Innføringstilbuet for voksne» skulle til et nytt bygg..fordi det skulle renoveres..i forbindelse med dette arbeidet ble språkstasjonen (grunnskole) flyttet til et bygg..midlertidig..fordi de skulle då samlokaliseres med oss..med voksenopplæringen..	R2 fortel om eit val kommunen gjorde for å samlokalisera voksenopplæringa med innføringstilboden for grunnskuleelevar i kommunen. Samlokaliseringa var mellom anna ein konsekvens av rehabilitering av bygg og tilgang på store nok lokaler. Avstandane i kommunen gjorde at denne samlokaliseringa var aktuelt.
R3	«Det er et (avstander i kommunen) praktisk problem. For elevene bor så spredt i kommunen. Så selve "nær"skolen er ikke nær... Vi ønsker å «centralisere» det(innføringstilboden) på en måte...vi har en veldig samhandlingstanke her i kommunen...»	Det R3 skildrar er at ein må ta omsyn til store geografiske avstandar når ein gjorde valet av organiseringsmodell. Tanken om samhandling stod sterkare enn eventuell lang reisetid.
R4	(om samarbeid med andre kommunar) ..me har hatt det på grunnskulenivå, men me har prøvd på voksenopplæringa..det er så pass langt (distanse) og vanskeleg...me kan ikkje begynne å sende førsteklassingar med reiseveg på 45 min ein veg..	Utsagnet til R4 syner at geografiske forhold hadde konsekvensar for kva organiseringsmodell ein hadde moglegheit til å gjennomføre. Fysiske avstandar i kombinasjon av ressurstilgang fører følgjer for valet av modell.
R5	De erfaringene vi gjorde oss i første runde ... (gjorde at vi)... lokaliserte alle rundt "skolen". ... slik at de skulle kunne komme seg lett til lege, kommunehuset... til ulike arrangement og informasjonsmøter	Kommunen som R5 har tatt valet om organiseringsmodell utifrå tidlegare erfaringar. Desse erfaringane har samanheng med tidlegare ide om «spredt» busetjing til denne gongen «fortetta» busetjing.

5.3. Oppsummering av funn i studien

Hovudtendensen i materialet syner at organisasjonen nyttar tidlegare erfaringar som grunnlag for val av modell. Respondentane opplever at avgjersler og val som har vore fatta tidlegare i organisasjonen sin utvikling av opplæringstilbod for minoritetsspråklege grunnskuleelevar i norsk, har følgjer for kva val som vart fatta etter endringa av Opplæringslova §2.8 i 2012.

Tidlegare erfaringar handlar både om «sjølv» erfarte hendingar, men også om at organisasjonen hentar informasjon og kunnskap frå andre organisasjoner som har breiare og lengre erfaring. Alle respondentane har nytta tidlegare fastsette rutinar og handlingsmønster som grunnlag til utforminga av det nye innføringstilbodet

Ein annan hovudtendens er at respondentane opplever at fleire aktørar har hatt innverknad på valet av organiseringsmodell. Deltakande aktørar i avgjersleprosessane har vore varierande. Nokre aktørar har vore med på delar av prosessen, mens andre har vore med heile vegen. Respondentane omtalar ulike aktørar som sentrale. Aktørar som nasjonale og lokale politikarar og kommunal - administrasjon har hatt påverknadskraft i forhold til val av organisasjon, enten med sentrale insement, lovverk eller med økonomistyring. Funn i studien syner at andre sentrale aktørar med lokalt tilsnitt, mellom anna er lærarar på innføringstilboda /nærskulen og respondentane sjølv.

Fleire av respondentane skildrar seg sjølv som aktiv avgjersletakande aktørar, som tar rasjonelle val. Fleire har hatt ei drivande rolle i prosessen. Dei opplever eigen rolle som sentral i avgjersla om organiseringsmodell for innføringstilbodet for særskild norsk i grunnskulen, nokre ved å bidra til iverksetting av tilbod i eigen kommune, andre meir perifert ved å gjennom pedagogisk leiing av organisasjonen.

Den tredje hovudtendensen som har vore sentral for avgjersleprosessane hjå fleire av dei representerte organisasjonane handlar om tid. Fleire av respondentane fortel om at korte tidsfristar, samt knapp tilgang på ressurspersonar med kompetanse innan temaet. Desse to forholda har vore avgjerande for utforminga og valet av organiseringsmodell for innføringstilboda.

Ein fjerde tendens som blir synleggjort i studien, er at kontekstuelle forhold har hatt ei rolle for utforminga og val av organiseringsmodell. Forhold som geografisk avstand, fysiske strukturar, tal på elevar og tilgang på kompetent undervisningspersonale og tolk, spelar inn på avgjersleprosessen og det endelige valet av modell i dei fem kommunane som deltok i studien.

6. Drøfting

Problemstillinga i studien er som følgjer:

Korleis blir avgjerslene kring organiseringssmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen fatta?

I dette kapittelet skal eg drøfta hovudfunna i studien i lys av ulike teoriar om korleis avgjersler i organisasjonar blir fatta. Kapittelet er delt i to. I fyrste del av kapitelet tar eg for meg kva rolle erfaring og tidlegare kunnskap har spelt for val av organiseringssmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen. I andre del av kapitelet diskuterer eg kva aktørar og kontekstuelle forhold som, ifølge respondentane, har hatt innverknad på vala kring organiseringssmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen.

6.1 Kva tyding har erfaring og tidlegare kunnskap for val av organiseringssmodell for særskilt norskundervisning i grunnskolen?

At tidlegare erfaring og kunnskap har hatt påverknad på seinare val av organiseringssmodell, er eit tema alle respondentane trakk fram i intervjuet. Eg skal no ta for meg korleis teori om sti-avhengigheit kan være til hjelp for å forstå og forklare det respondentane seier om at tidlegare val har hatt tyding for dei vala som blir fatta seinare.

Dei fem kommunane i studien har hatt opplæringstilbod for minoritetsspråklege elevar før endringa i Opplæringslova §2.8 (2012) blei gjennomført. Opplæringsorganisasjonane og skuleeigar hadde altså erfaring med organisering, opplæring, samarbeid mellom skule og heim, og kvalitetssikring av opplæringstilboden, men dette var ikkje i hovudsak organisert som innføringstilbod.

To av respondentane fortel om at dei hadde starta opp med ei form for «innføringstilbod», der elevar vart tatt ut av ordinærklasse til eigne grupper, allereie før endringa av opplæringslova i 2012. Dette tiltaket vart iverksett med tanke på Opplæringslova § 1-3:

«Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven..»

Respondent 1 og 2 trekk særleg fram tydinga av organisasjonen sin historie, og at historia hadde ei avgjerande rolle for val av modell for organisering av norskundervisning for minoritetsspråklege elever. – Tidlegare erfaringar laga ein «sti» for kvar organisasjonen tok valet om å gå vidare. Dette uttrykkjer dei slik:

«..Ja, både her og i nabokommunen er det ikkje skjedd nokre endringar i organiseringa i utgangspunktet..det er sånn som det var(før 2012). Dei har altså på ein måte alltid hatt innføringsklassar der, i allfall lenge før mi tid..og det same her.» (R1)

«...innføringstilbudet) var for så vidt i gang..egentlig før lovendringa kom. Før min tid hadde de språkstasjon(på ein barneskule)..og voksenopplæringa lokalisert til (namn på skule)... Tanken at språkstasjonselevene skulle inkluderes i det ordinære tilbuddet,..eh for eksempel gjennom interaksjon med ... norske medelever... men at det ikkje fungerte sånn som man hadde egentlig sett for seg at det skulle gjøres sånn sosialt sett da..det var et av argumentene som ble brukt for samlokalisering...» (R2)

Paul Davis forklarar «Sti-avhengigkeit» (Path dependence) modellen med at tidlegare avgjersler har konsekvensar for framtida sine løysingar og vegval. (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009) Avgjerslene som er fatta tidlegare, legg premissar for seinare val og den vidare utviklinga i ein organisasjon.

Ein hovudtendens i funna frå denne studien er at alle respondentane trekk fram at tidlegare erfaring i organisasjonen med opplæringstilbod i norsk for minoritetsspråklege elevar, har hatt innverknad på valprosessen om innføringstilbod. Respondent 4 uttrykkjer dette på følgjande måte:

«...Sjølv om eg bur i ein liten kommune..så har me veldig mange forskjellige nasjonalitetar her..men det er enten arbeidsinnvandrarar eller dei er gift eller sambuar,da..sånn har skulen og kommunen har jo hatt erfaring tidlegare med både grunnskuleelevar og vaksne...» (R4)


Funna i studien syner at alle respondentane har opplevelinga av at organisasjonen deira har nytta kunnskap og erfaringar som grunnlag for utviklinga av det «nye» innføringstilbodet som vart laga etter endringa av opplæringslova §2.8 etter 2012. R1 og R2 meiner at deira organisasjon har hatt ei vidareføring, men med utvikling av innhald og tilpassing til elevgruppa. Dette medan R3, R4 og R5 syner til at kunnskapsbasen til organisasjonen deira var tatt med i utviklinga av innføringstilbodet, men at det vart bygd opp eit nytt tilbod.

6.1.1 Tre–stadium modellen for sti–avhengigheit

Dei fem respondentane og organisasjonane dei representerer har alle vore med på heile, eller delar av ein avgjersleprosess der dei fram til avgjersla om den eksisterande organiseringsmodellen har vore gjennom dei tre fasane som vert skildra av Sydow, Schreyögg og Koch, i «The Three Stage Model of Path Dependence» (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009)

Utgangspunktet for prosessen er eit klårt opplæringsoppdrag gitt i « Føremålsparagrafen», opplæringslova §1-1, der målet for all opplæring i grunnskulen er skildra (Oppl §1,1).

Dei fem kommunane stod på ulikt stad i den første fasen, dette kjem til synne i figur. 6.



Figur 6. Oppstart ståstad for sti–avhengigheit. (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009).

Tre av respondentane (R3, R4 og R5) fortel om ein annan ståstad i «Preformation» - fasen (fase 1) enn R1 og R2. I denne fyrste fasen for avgjersla om innføringstilbod, kjem det fram at dei tre respondentane starta med ein rimeleg open situasjon, der det i utgangspunktet var opning for å velje dei fleste av organiseringsmodell-alternativa. Det eksisterte med andre ord eit mangfold av alternativ og ein «sti» hadde ikkje allereie tatt ei form. På den andre sida står R1 og R2, som skildrar ein organisasjonen som allereie har ei form for «innføringstilbod» i gang. – På den måten er desse to respondentane allereie komne til fase to i Trefasemodellen:

«Formation» - fasen (fase 2). Det er med andre ord på eit tidlegare stadie i prosessen gjort val i organisasjonen, som fører valet av organiseringsmodell inn på ein gitt «sti». Paul Davis (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009) forklarar «Formation» - fasen i modellen som ein periode der det skjer ei gradvis utvikling og «stien» blir utforma vidare for organisasjonen.

Alternativa blir over tid gradvis færre, og ein nærmar seg fase tre. Dette skjer med utgangspunkt i erfarings- og kunnskapsbasen til organisasjonen, og på grunnlag av organisasjonen sine medlemmar og deira erfaring og kunnskapar. R4 forklarar på sin måte, korleis fase to i modellen for sti-avhengigheit opptrerde i den gitte organisasjonen:

«...det gjekk 3 – 4 veker så skjonne me ..at den eine eleven i gruppo verken kan lese eller skrive på sitt eige morsmål..og då hadde det ekstra vanskeleg med å lære seg eit nytt språk...Så då måtte me ut på markedet igjen for å prøve å få tak i arbeidskraft (tospråklegfaglærar)» (R4)

Den tredje fasen i modellen blir kalla «Lock – in» fasen. Denne fasen kan skildrast som om at ein avgjer og låser seg til ein handlingsveg, ein «sti» for organisasjonen. Dette inneber at sjølvforsterkande prosessar avgrensar alternative valmoglegheiter (Sydow, Schreyögg & Koch, 2009). For respondentane handlar dette i denne studien om det endelege valet for organiseringsmodell for innføringstilbodet.

Sjølv om det kjem fram frå respondentane at dei opplever at valet av organiseringsmodell har samanheng med erfaring og kunnskapsbasen i organisasjonen, gjev fleire av dei òg utsyn for at dei har hatt ei rolle i avgjersleprosessane fram mot valet av organiseringsmodell. «Sti-avhengigheitsmodellen» er avhengig av dei menneskelege ressursane i organisasjonen og deira evne til å ta rasjonelle vurderingar og avgjersle, men det er likevel «historia» som styrer valet, ikkje det enkelte individets val, men at det er alle vala til dei «tidlegare» individua som til saman fører til utforminga av «stien» og valet.

6.1.2 Del oppsummering

Eit av hovudfunna i studien at er at forankringa i organisasjonen sine tidlegare val, og historisk etablerte verdiar og normer har vore avgjerande for utviklinga av innføringstilbodet og val av organiseringsmodell.

«The Three Stage Model of Path Dependence» (Sydow, Scheryögg & Koch, 2009) syner ein visuell modell som illustrerer korleis avgjersleprosessen og utforminga av innføringstilbodet for særskild norsk i grunnskulen har vore hjå fleire av kommunane som var representert i studien.

Deltakarane i studien kjem fram med ulike refleksjonar som skildrar kvar organisasjonen dei representerer stod i starten, og kvar vegen, eller stien, gjekk vidare i avgjersleprosessen fram mot noverande innføringstilbod. Dei sett ord på kva utfordringar dei har møtt, og korleis dei har funne fram til «løysingar» og handlingsmåtar. Alle gjev utsyn for at tidlegare erfaring har hatt ei rolle i prosessen, men nokre respondentar gjev tydelegare enn andre utsyn for at erfaring samt organisasjonen sin allereie eksisterande struktur/utforming har hatt konsekvensar for valet av veg vidare.

Respondentane frå dei to organisasjonane som ved lovendringa i 2012, allereie hadde eit opplæringstilbod og som i utgangspunktet «vidareførte» dette til eit innføringstilbod, oppgjev ikkje «innsnevringa» (Fase 2, i The Three Stage Model of Path Dependence) som eit problem. Dei viser til at nettopp dette gav dei ein særskild moglegheit til å få i gang innføringstilbod fortare, enn om dei ikkje hadde hatt eit eksisterande tilbod.

Funn i studien kan tyda på at desse respondentane opptrådde trygt og sjølvsikkert i avgjersleprosessane, nettopp med dette som bakgrunn - dei hadde allereie eit tilbod å byggje vidare på.

6.2 Kva aktørar og kontekstuelle forhold har hatt ei rolle i avgjersleprosessen?

For å svara på dette forskingsspørsmålet vil eg starte med å retta merksemda mot garbage can modellen. Eg vil i det følgjande kapittelet sjå nærmare på dimensjonar i denne modellen som blir nytta til å drøfta respondentanes skildringar av korleis tidsdimensjonen har hatt verknad, tilfeldigheiter si tyding, samt meininga av at det ikkje er dei same aktørane som deltar i heile avgjersleprosessen. Eg vil starte med å sjå nærmare på omgrepet «begrensa» rasjonalitet som er ein føresetnad garbage-can modellen kvilar på.

Dei fleste respondentane i denne studien har sjølv deltatt i avgjersleprosessen som har pågått for å avklara organiseringsmodellen for innføringstilbodet. Nokre av respondentane har hatt leiande og drivande roller, mens nokre har hatt eit vidareførings oppdrag. I det empiriske materialet er det særleg to tema som respondentane fremja som viktige for utfallet av val av organiseringsmodell. For det første vektlegg dei aktørane sin tyding for vala som vart tatt og for det andre blir konteksten sin tyding vektlagt.

6.2.1 «Begrensa» rasjonelle aktørar

Eit rasjonelt tankesett byggjer på at den som skal ta avgjersla handlar målretta og kostnadseffektivt. Utfallet av den idealtypiske rasjonelle avgjerdsprosessen blir det alternativet som kan gjennomførast på ramlegast måte, men som samstundes oppnår målet. Den rasjonelle idealmodell («Economic man») vektlegg og at ein skal ha ei fullendt oversikt på valmogleheitene og konsekvensar av desse. I denne studien, som i alle andre empiriske studiar av korleis verkelege avgjersler blir fatta, kjem det fram at dei aktørane som tar val ikkje har full oversikt over alle handlingsalternativ som er der og at dei heller ikkje har innverknad på alle faktorar i avgjersleprosessen.

Herbert Simon kom på 1950 – talet med ein justert rasjonell avgjerslemodell: den «begrensa» rasjonelle avgjerslemodellen («Administrative man»). Den «begrensa» rasjonelle aktøren leita ikkje etter det beste alternativ mellom alle moglege alternativ, og kjenner heller ikkje alle konsekvensar av sine handlingar, men «satisfiserer» ved å vera «godt nok» orientert og ta «gode nok» val (Enderud, 2003).

Det viser seg i intervjuet at R3, R4 og R5 har hatt eit tilnærma likt startpunkt. Organisasjonen dei representerer hadde ved vurderingsoppstart for iverksetjing av innføringstilbod berre spredt erfaring i kunnskap banken til organisasjonen. I følgje desse tre respondentane fekk dei delegert oppdraget med å iverksette eit innføringstilbod av politikarane og kommuneadministrasjonen (skuleeigar). Dei hadde med andre ord rom til å gjera eigne vurderingar. Dei måtte nytta sitt intellekt og sine erfaringar til å analysera alternativ, vurdera konsekvensar og iverksette innføringstilbodet. Materialet i studien gjev ikkje utfyllande avklaringar på korleis dei ulike vurderingane og analysane vart gjennomført hjå alle respondentane, men R4 forklarar mellom anna vurderinga som vart gjort i samanheng med valet om samlokalisering av innføringstilbod med ein nabokommune:

«...Me kan ikkje sende førsteklassingar med reiseveg på 45 min ein veg..me har vore innom tanken..men det var bare innom i eit halvt sekund..også er det berre uaktuelt..»(R4)

Respondent 4 forklarar at ho ved oppstart av innføringstilbodet tok kontakt med nabokommunar og fylkesmannen for å få råd om kva innføringstilbod som måtte iverksettjast:

«..me skjønte at dei hadde desentralisert opplegget, dei hadde ein skule som elevane gjekk på i to år..men det er det jo slutt på no...»(R4)

Seinare i intervjuet skildrar og vurderer ho valet av organiseringssmodell som vart tatt:

«..Me har eit delvisintegrert tilbod...eg kan ikkje no i ettertid sjå at me kunne ha tatt valet om noko anna når ein har så relativt sett få elevar og dei er spredt på 10 trinn..» (R4)

Respondent 4 syner at ein har funne fram til ein organiseringssmodell som fungerer for organisasjonen, ho utrykkjer sjølv at prosessen om valet av organiseringssmodell var tatt av hennar organisasjon, der ein kom fram til det som «satisfisera» deira trong:

«..all denne vurderinga skjedde eigentleg berre på skulenivå...»(R4)

Det kjem fram i studiet at R3, ettersom oppstart av innføringstilbodet måtte skje på svært kort tid, har måtte akseptere at avgjerslene måtte takast ut i frå den kunnskapen ho på det tidspunktet hadde. Knappheit på tid som denne respondenten skildrar er heilt i tråd med eit av hovudtrekka i den «begrensa rasjonalitet» - avgjerslemodellen (Administrative man) (Enderud, 2003).

«...Dei første elevane (overføringsflyktningar) fekk me beskjed om ..at kommunen skulle ta i mot i løpet av ..hausten 2015(slutten)..det var 6 elevar som begynte på skulen 4.januar.» (R4)

Dette syner at respondenten måtte handle raskt, knappheit på tid var stor. Ingen av respondentane hadde moglegheit til å innhente all tilgjengeleg informasjon, og sjå alle konsekvensane som er mogleg, for så å ta eit val.

Fleire av respondentane har skildra delar av avgjersleprosessane fram mot valet av organiseringssmodell for innføringstilbod i særskild norsk i grunnskulen. Studien viser her korleis aspektet med tid har hatt innverknad på prosessen. Det kjem òg fram at respondentane har tatt val som dei opplever som ei «god nok» avgjersle ut i frå eigen ståstad og erfaring på avgjersletidspunktet.

6.2.2 Garbage can, aktørar og kontekstuelle forhold.

I studien kjem det fram at dei fleste respondentane i prosessen fram mot det noverande innføringstilbodet har opplevd fleire situasjonar som tilfeldige. I etterkant viste desse tilfeldige situasjonane seg å få konsekvensar for val og utforming av innføringstilbodet. Respondent 3, skildra den akutte og tilfeldige situasjonen ho kjende på når ein måtte ta til med eit nytt innføringstilbod i eigen kommune:

«... men plutselig begynte vi å få inn barn fra Afghanistan, femtenåringer helt uten skolebakgrunn, da fant vi ut at vi måtte gjøre noe annet.» (R3)

Flaa mfl. (1995) forklarar dei anarkiske avgjerslemodellane som analyseverktøy der ein ser på ei avgjersle som eit resultat av vilkårlege hendingar, som naudsyntvis ikkje heng saman på nokon måte, og som aktørane ikkje har påverknad på eller oversikt over. Dersom problem utforminga ikkje er nøyaktig og tydeleg, er det ein stor moglegheit for at prosessen med av avgjersler blir tilfeldige. «Løysinga» kan eksistere før «problemet» er definert eller formulert og visa versa. «Garbage can» - modellen (Cohen, March og Olsen, 1972) er basert på dette tankesettet. Modellen kan forklarast som to prosessar som avgjer fire ulike straumar.

«Timing» for treffpunktet mellom desse fire ulike straumane styrer utfallet. Dei to prosessane er: aktiveringsprosessen og definieringsprosessen og dei fire straumane er: Straumar av problem, straum av løysingar, straum av deltakrar og til slutt straum av mogleheter for avgjersle (Cohen, March and Olsen, 1972:3). Eg vil i dette kapittelet ta føre meg forhold av tydinga for avgjerslene som vart tatt med utgangspunkt i kvar av dei fire straumane.

Ein hovudtendens i materialet er at tida ein har til rådighet for å fatte ei avgjersle har spelt ei viktig rolle for valet av organiseringsmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen. Tid er også ein sentral dimensjon i ‘garbage can’ modellen. Med utgangspunkt i ‘garbage can’ modellen (Cohen, March og Olsen, 1972) kan ein sei at ein av «hovudstraumane av problem» i denne studien er den utfordringa samfunnet i stort og organisasjonane lokalt ser at dei har for å sikra eit godt opplæringstilbod i særskild norsk for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen. Valet av organiseringsmodell blir påverka av fleire ulike forhold. Desse forholda kan i følgje Cohen, March og Olsen (1972) vere forhold som «dagsforma» til aktørane, eller korleis dei uformelle relasjonane mellom dei som er deltagarar i avgjersleprosessen er. Andre forhold kan vere ressurstilgang, tidsaspektet og fysiske forhold m.m. Alle desse forholda m.fl treng merksemd og er ein del av «problem» - straumen.

I intervjuet med respondent 3, kjem det tydeleg fram at ho har gode uformelle relasjonar til både det administrative-, politiske- og drifts- systemet i kommunen. Noko av dette kjem mellom anna fram i dette utsagnet:

«...Rektor ba meg laga en klasse, vi tok kontakt med skolesjefen som var positiv...Vi har en veldig grei rådmann. Vi presenterte det(innføringsmodellen) for politikerne, men vi har alltid hatt deres støtte, og de blandet seg ikke inn» (R3)

Respondent 3 er ilag med rektor har her ei rolle i definieringsprosessen, der desse to aktørane dannar grunnlag for korleis «problemet» blir oppfatta og definert i organisasjonen.

For å ende opp med ei avgjersle, i følge «Garbage Can» - teorien, må dei fire straumane altså møtast i ein «avgjersletilhøve». – Dette møtepunktet kan komma som eit utspring av tid, som eit resultat av læring eller av administrative og eller strukturell organisering /avgjersle (Cohen, March og Olsen, 1972:3)

Eit av hovudfunna i studien syner at faktoren «tid», (her tida ein har til rådighet frå ein får vite om at ein skal starte eit undervisningstilbod, til elevane er der), har spelt ei avgjerande rolle i valet av organiseringsmodell. Respondent 4 forklarar på kva måte tidspresset vart ein viktig faktor under avgjersleprosessen som hennar organisasjon måtte gjennom for å ta valet om organiseringsmodell:

«...me fekk problemet i fanget..før nokon hadde rukke å tenkje på ein einaste modell .. Kommunen fekk beskjed om å ta i mot flyktningane på slutten av hausten 2015..4.januar starta elevane hjå oss...»(R4)

Frå R3, R4 og R5 kom det fram at det var særskilt korte tidsfristar for iverksetjing. Dette til forskjell frå R1 og R2, der det ser ut til at innføringstilboda allereie var i drift, samt at det synes å vere fleksibilitet i organisasjonen til å endra interne strukturar for å tilpassa systemet til elevmassen ein har til ei kvar tid. I motsetning til avgjersleprosessane i R3, R4 og R5 var R1 og R2 sine avgjersler en følge av administrative og strukturelle rammer som var settla tidlegare i organisasjonen si utvikling.

«... Det som gjør at kommunen velger...den ene eller den andre eller tredje organiseringsmodellen...skolen var allerede i gang...før lovendringen kom...endringen gjorde bare at det var mer lov enn før...»(R2)

Det synes seg at alle respondentane gjennom avgjersleprosessane som munna ut i ein organiseringsmodell for innføringstilbod for særskild norsk i grunnskulen, har mått ta omsyn til faktoren tid. Avgjerslene har blitt gjennomført som ei blanding av intuitive personlege vurderinga og avgjersler frå respondentane og andre aktørar.

Ein annan hovudtendens i materialet er at nasjonale lovendringar legg viktige premisser for straumen av løysingar. Lovane er generelt formulerte og gjer rom for ein viss autonomi som opnar opp for lokale løysingar. Dei ferdige løysningane når val av organiseringsmodell for særskild norsk innføringstilbod i grunnskulen skulle fattast, bestod av tre modellar for korleis innføringstilboden kunne organiserast.

Cohen, March og Olsen (1972) framhevar at i straumen av løysingar, så er «løysingane» som framstår eit produkt som nokon har laga. Denne «nokon» har utforma «løysinga» med utgangspunkt i si erkjenning og sin kontekst. Respondent 2 synes til korleis ho erfarte omlegginga og samanslåinga av organiseringstilboden i eigen kommune:

«... Jeg følte vel egentlig av vi (det nye innføringstilbuet) hadde ganske sterke stemmer og ble hørt ganske godt i prosessen ... Jeg vil tro at de (de som utformet det første opplæringstilbuet) ikke ble hørt så mye som de skulle ønsket... Jeg har inntrykk av at politikerne hadde stor tiltro til det vi gjorde(det nye innføringstilbuet) og det veide tungt(i valget av modell)...»(R2)

Enderud (2003) trekkjer fram eit anna aspekt med Garbage-can modellen: Problem søker etter løysingar og løysingar søker etter problem. (Enderud 2003:113). Cohen, March og Olsen (1972) understrekar at det kan vera utfordrande å komme fram til gode løysingar dersom problemstillinga ikkje er godt nok utforma. Dei syner til at i «Garbage-can» avgjersle-modellen at «løysingar» for «problemet» like lett kan oppstå i den rekkefølgja, som at «problemet» kjem først for at ein så skal konkludera med eit svar.

Ut i frå «straum av løysingar» perspektivet kan «hovudproblemet» i denne studien vera trøngen organisasjonen og samfunnet har for eit innføringstilbod. Problemformuleringa er då allereie utforma. «Løysinga» og svaret på problemet kan då vurderast som dei tre ferdig formulerte alternativa for organisering modell. Respondent 4 fortel om ein organisasjon som måtte skape eit innføringstilbod, mens respondent 1 skildrar eit tilbod som allereie var etablert når den nye opplæringslova §2.8 vart iverksett.

«... Vi hadde ikkje innføringstilbod før eg vart rektor...»(R4)

«....Dei har på ein måte alltid hatt innføringsklassar der, i alle fall lenge før mi tid...»(R1)

Dette syner på den eine sida at R4 starta opp avgjersleprosessen kring innføringstilbod med utgangspunkt i eit problem(straum av problem»), medan R4 stod i straumen med løysingar, når han skulle ta stilling til organiseringssmodell for innføringstilbod i særskild norsk i grunnskulen.

Lovendringa av opplæringslova § 2.8, som kom i 2012, medførte ein «straum» av løysingar. I utgangspunktet hadde kommunane nok hatt ei form for lokalt tilpassa opplæringstilbod i norsk for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen, men etter lovendringa kom moglegheita for innføringstilbod og fritak frå gjeldande læreplanverk i inntil to år. Studien syner at lovendringa skapte ei løysing på problemet for fleire av kommunane. For nokon av dei blei det no mogeleg med ei «lovleg» organisering av innføringstilbodet.

«... Vi har jo vært på grensen der ...vi har hele tiden (før og etter 2012) hatt en klasse i skolen, ikke en innføringsskole ...» (R3)

«Ja både her i kommunen og i nabo kommunen, så er det ikkje skjedd nokre endringer i organisering i utgangspunktet.» (R1)

I `garbage can` modellen er det tatt omsyn til at det finnes fleire moglege løysingar som på den eine sida vil fungera som løysingar for eit sett med problem, men på den andre sida ikkje for andre problem. Endringa av opplæringslova §2.8, og med det innføringa av tre mogeleg organiséringsmodellar for innføringstilbod, syner seg her i studien å vera ein større problemstraum for dei organisasjonane som ikkje hadde eit innføringstilbod, men ikkje i same grad for dei organisasjonane som hadde eit oppgåande tilbod.

Ein tredje hovudtendens i materialet er at det ikkje er dei same aktørane som deltek i heile avgjersleprosessen, og det er heller ikkje dei same typane aktørar som har innflytelse i de fem kommunane. I Garbage – can modellen (Cohen, March og Olsen, 1972:3) tydeleggjer forfattarane at det vil vere stor variasjon i kva deltakarar som er med i ei avgjersleprosess. Aktørane (deltakarane) som er med i prosessen, bidrar med sinn energi (tid, kunnskap og bakgrunn m.m.) på det tidspunktet dei er der. Enderud (2003:113) fremjar at denne energien er noko som kan vera med på å kople saman dei fire ulike straumane, og med det få eit utfall i ei avgjersle. Denne samankoplinga medfører at den enkelte aktør kan ha stor påverknadskraft for løysinga ein landar på.

Nokre av dei sentrale funna i studien omhandlar aktørane si rolle i avgjersleprosessane for val av organiséringsmodell i dei ulike kommunane.

Gjennom analysearbeidet med forskingsmaterialet kom det fram frå fleire av respondentane at politikarar og deira politikk hadde innverknad på valet av organiséringsmodell. Dette gjaldt alt frå sentrale føringar frå staten, heilt ned til den lokale politikaren som har hand om tildelinga til skulebudsjetta.

«..Det politiske vedtaket som ble gjort..at me skulle ta imot flyktningar, det ble gjort ganske kjapt..Det var ingen som hadde laga ein overordna plan på verken politisk nivå eller administrativt nivå (om organisering)..bortsett fra at kommunen ønska å ta i mot...» (om organiséringsmodell for innføringstilbodet i grunskulen) (R4)

Respondentane vil i «Garbage Can» avgjersleteorien også reknast som aktørar i straumen av deltakarar (Cohen, March & Olsen). Fire av respondentane hadde roller som skuleleiarar, og kan nok ha stått i straumen av eit problem, der dei andre aktørane i avgjersleprosessen har hatt forventningar om at desse respondentane skulle «finna» ei tilfredsstillande løysing på innføringstilbodet i kommunen. I forventningane kan det ligge tillit frå organisasjonen, men også krav om kvalitet.

«... Det var ønske frå rådmannen at det skulle gjøres sånn ...» [Sette i gang eit innføringstilbod]... Det var rett og slett noe som en gjorde (ikkje gjennom politiskeprosessar)ut ifra det faglige ståstedet en trodde en hadde da..det var en diskusjon mellom meg og rådmann...men det var helt klart at det var ønskelig at vi skulle gjøre sånn» (R5)

Jamfør «Garbage Can» kan deltakarane i avgjersleprosessen vera tilfeldige, og uformelle relasjoner mellom deltakarane kan vera viktige. Innslag av det tilfeldige kan ein seie at var tilfelle, til dømes i R3 sin kommune:

